



# Høgskulen på Vestlandet

## Masteroppgåve 30 studiepoeng

MASO590-0-2024-VÅR-FLOW assign

### Predefinert informasjon

**Startdato:** 24-05-2024 09:00 CEST  
**Sluttdato:** 07-06-2024 14:00 CEST  
**Eksamensform:** Masteroppgave  
**Termin:** 2024 VÅR  
**Vurderingsform:** Norsk 6-trinns skala (A-F)  
**Flowkode:** 203 MASO590 1 O 2024 VÅR  
**Intern sensor:** (Anonymisert)

### Deltaker

**Kandidatnr.:** 124

### Informasjon fra deltaker

**Antall ord \*:** 21710

#### Egenerklæring \*:

Ja

**Jeg bekrefter at jeg har  
registrert  
oppgavetittelen på  
norsk og engelsk i  
StudentWeb og vet at  
denne vil stå på  
vitnemålet mitt \*:**

Ja

### Gruppe

**Gruppenavn:** (Anonymisert)  
**Gruppenummer:** 5  
**Andre medlemmer i gruppen:** Deltakeren har innlevert i en enkeltmannsgruppe

Jeg godkjenner avtalen om publisering av masteroppgaven min \*

Ja

Er masteroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved

Ja, Drawing together project /Kreativ Sammen

Er masteroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller of

Nei



Utforska unge flyktingars relasjonelle velværa  
gjennom deira interaksjonar med viktige familie  
relasjonar

Exploring the relational well-being of young refugees  
through their interactions with important family  
relations

Synnøve Hemre Sundsvoll

Kandidatnummer: 124

MASO590

Master i sosialvitenskap: Barnevernsarbeid

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Masego Katisi

07.06.2024

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle  
kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

## Samandrag:

**Bakgrunn og formål:** Formålet med masteroppgåva er å kasta ljós over eit avgrensa tal flyktningar si oppleving av relasjonell velvære og kva relasjonar som har vore viktig for dei, og i denne oppgåva fordjuping i familierelasjonar. Relasjonell velvære er eit ganske nytt omgrep, som handlar om kva som får menneskjer til å føla seg bra. Relasjonell velvære er komplekst og det er fleire ting som heng saman. Rammeverket for relasjonell velvære inkluderer både det miljømessige, det samfunnsmessige og dei relasjonelle faktorane, som lappar over kvarandre.

**Problemstilling:** Mi masteroppgåva har følgjande problemstilling:

*Kva kjenneteiknar dei familie relasjonane dei unge utpeikar som særleg viktige i dag og korleis bidrar desse relasjonane til trivsel og livskvalitet?*

**Metode:** Denne oppgåva har data frå eit større forskingsprosjekt som er ein del av eit longitudinell studieforsking som har gått over 3 år, Kreativ Sammen. Deltakarane er tidlegare unge einslege flyktningar som kom til Noreg utan fylgje. Studien blei gjennomført i deira vaksne liv, fleire år etter dei kom til Noreg. I denne oppgåva er det blitt brukt eit kvalitativt forskingsdesign, der dei har brukt eit semistrukturert intervju. Vidare i masteroppgåva blir intervjuguiden, analysen, utval av informantar og fordelar og ulempa med kvalitativ forskning kasta ljós på. I denne studien har talet på deltakarar blitt avgrensa til fire informantar og fire verdipersonar, grunna oppgåva sin størrelse og omfang. Dei fire informantane og deira sin verdiperson er valt ut grunna dei har ein familie relasjon. På slutten av metodekapittelet vil reliabilitet og validitet, bli belyst. Avslutningsvis vil oppgåva ta for seg det forskningsetiske, refleksivitet, etiske omsyn og eventuelle svake trekk ved studien.

**Funn:** Funna viser til at alle informantane i denne studien opplever at dei har nok, når ein ser det i forbindelse med relasjonell velvære. Ein kan også sjå at deltakarane har fått ein tilhøyrsløse til Noreg, og fleire ser på Noreg som heimlassen sin. Det kjem fram at dei framleis har god og ofte kontakt med familien i heimlandet. Vidare kan ein sjå korleis relasjonen har vore i oppveksten, og korleis den har blitt etter flytting. Vidare fortel informantane om korleis kommunikasjonen mellom dei er, og alle deltakarane i denne studien har god kommunikasjon og kontakt, alt frå kvar dag til minst ein gang i veka. Eit av dei siste funna i denne studien er korleis fleire av deltakarane fortel at dei har opplevd det som vanskeleg å koma inn i det norske samfunnet, og få deltaking i samfunnet, som ved jobb. Dette er noko ein kan sjå, sjølv om det kjem fram tidlegare at fleire ser på Noreg som sin plass, heimlandet sitt.

**Diskusjon:** Den relasjonelle velværa skjer på ulike nivå, både i samfunnet, men også i relasjonane mellom dela Den kjem til uttrykk på ulike måtar. Den relasjonelle velværa skjer mellom den unge vaksne og verdipersonen, der ein kan sjå at det er samfunnet som legg til rette for moglegheita for den relasjonen. Det samfunnsmessige med at dei har tilgang på mobil, nettverk og slike ting bidrar til at dei kan halde kontakten med familien. For å ha ein relasjon, må dei klara å kommunisere. Samfunnet er ein viktig del for at dei unge vaksne og deltakarane opplev ein auke i trivsel og livskvalitet, grunna den relasjonelle velværa. Ein kan også sjå at samfunnet gir ulike utfordringar til deltakarane, ved koronaviruset. Samfunnet blei stengt ned, og deltakarane hadde ikkje moglegheit til å bevare den fysiske relasjonen. Den relasjonelle velværa til deltakarane heng saman med fleire ting, som det samfunnsmessige, men også det relasjonelle, og dette heng saman.

**Overordna mål:** Eit overordna mål med denne masteroppgåva er å sjå kva som kjenneteiknar dei relasjonane som unge einslege utpeikar seg som viktige i familien, og få ny kunnskap på korleis dei relasjonane kan bidra til auka trivsel og livskvalitet.

**Nøkkelord:** Relasjonell velvære, flyktningar, unge einslege, kommunikasjon, deltaking, relasjonar, familie

## Abstract:

The purpose of this master's thesis is to shed light on a limited number of refugees' experience of relational well-being and which relationships have been important to them and focus on the family relations. Relational well-being is a new concept, which is about what makes people feel good. Relational well-being is complex and there are several things that are connected. The framework for relational well-being includes both environmental, societal, and relational factors, which overlap each other. This assignment has data from a larger research project that is part of a longitudinal study research that has lasted over 3 years, Kreativ Sammen. The participants are formerly young single refugees who came to Norway unaccompanied. The study was carried out in their adult lives, several years after they came to Norway. Kreativ Sammen have used a qualitative research design, where they have used a semi-structured interview. Furthermore, in the master's thesis, the interview guide, the analysis, the selection of informants and the advantages and disadvantages of qualitative research are shed light on. In this study, the number of participants has been limited to four informants and four value persons, due to the size and scope of the task. The four informants and their significant other have been selected because they have a family relationship. At the end of the method chapter, reliability and validity will be explained. In conclusion, the assignment will deal with research ethics, reflexivity, ethical consideration, and any weak features of the study.

The findings indicate that all the informants in this study feel that they have enough, when viewed in relation to relational well-being. You can also see that the participants have developed a sense of belonging to Norway, and many see Norway as their home. It appears that they still have good and frequent contact with their family in their home country. Furthermore, you can see how the relationship was growing up, and how it has become after moving. Moreover, the informants talk about how the communication between them is, and all the participants in this study have good communication and contact, ranging from every day to at least once a week. One of the latest findings in this study is how several of the participants say that they have found it difficult to enter and participate in Norwegian society. Relational well-being occurs at different levels, both in society, but also in the relationships between parties. It is expressed in different ways. The relational well-being takes place between the young adult and the person of value, where one can see that it is society that facilitates the possibility for that relationship. The societal aspect of them having access to mobile phones, networks and such things contributes to them being able to keep in touch with their family. To have a relationship, they must be able to communicate. The community has been found to be an important factor for the participants of this study, to experience an increase in well-being and quality of life, based on relational well-being. One can also see that society presents

various challenges to the participants, such as COVID. Due to COVID the community was closed, and the participants had no opportunity to preserve a physical relationship. The relational well-being of the participants is linked to several things, but the most important factors are the societal and the relational factors.

## Forord:

Denne masteroppgåva markerer slutten på mi toårige masterutdanning. Utgangspunktet mitt har vore å tileigne meg ulike verktøy og strategiar for å auka kompetansen på korleis flyktningar opplever og skapar ulike relasjonar som vidare bidrar til auka relasjonell velvære, og kva som gjer at dei relasjonane får dei til å ha det bra. Prosessen har vore tidkrevjande, men har også vore givande og lærerikt. Denne masteroppgåva har gitt meg kunnskapar som eg tar med meg ut i arbeidet som sosialarbeidar.

Det er fleire på vegen som har hjelpt meg som eg ynskjer å takke, det er rettleiaren min. Takk for at du har hjelpt meg med konstruktive tilbakemeldingar. Eg ynskjer også å takke prosjektleiaren i Kreativ Sammen for gode tilbakemeldingar og hjelp på vegen. Vidare ynskjer eg og rette ein stor takk til Kreativ Sammen, som har gitt meg lov til å bli med i prosjektet deira og få bruke data materiale som dei har samla inn. Til slutt ynskjer eg å takke alle som har hjelpt meg i den siste innspurten med korrekturlesing og motiverande tilbakemeldingar på oppgåva.

Juni 2024

Synnøve Hemre Sundsvoll



## Innholdslista

<b>1.0 INNLEIING.....</b>	<b>1</b>
1.1 AKTUALITET OG BAKGRUNN.....	2
1.2 PROBLEMSTILLING OG FORMÅL.....	3
1.3 AVGRENSING.....	3
1.4 DISPOSISJON AV OPPGÅVA.....	4
1.5 TIDLEGARE FORSKING.....	4
1.5.1 <i>Relasjonar etter migrasjon.....</i>	5
<b>2.0 TEORI.....</b>	<b>6</b>
2.1 VELVÆRE.....	6
2.1.1 <i>Relasjonell velvære.....</i>	7
2.1.2 <i>Relasjonell velvære hjå unge flyktingar.....</i>	9
2.1.3 <i>Formelle og uformelle nettverk hjå unge einslege flyktingar.....</i>	10
2.2 TRANSNASJONALE FAMILIENETTVERK OG KOMMUNIKASJON.....	11
2.2.1 <i>Kommunikasjon.....</i>	12
2.3 DELTAKING.....	14
2.3.1 <i>Unge einslege flyktingar si deltaking i Noreg.....</i>	14
<b>3.0 METODE.....</b>	<b>16</b>
3.1 DET VITSKAPSTEORETISKE PERSPEKTIVET.....	16
3.1.1 <i>Fenomenologi.....</i>	17
3.1.2 <i>Hermeneutikk.....</i>	18
3.2 VAL AV METODE.....	18
3.3 KVALITATIVT FORSKINGSINTERVJU.....	19
3.3.1 <i>Semistrukturert intervju.....</i>	19
3.3.2 <i>Intervjuguide.....</i>	20
3.3.3 <i>Analyse.....</i>	21
3.3.4 <i>Utval av informantar.....</i>	21
3.3.5 <i>Fordelar og ulemper ved kvalitativ studie.....</i>	22
3.4 RELIABILITET.....	23
3.5 VALIDITET.....	24
3.6 FORSKINGSETIKK.....	25
3.6.1 <i>Refleksivitet.....</i>	25
3.7 ETISKE OMSYN.....	26
3.8 SVAKE TREKK VED STUDIEN.....	27
<b>4.0 RESULTAT OG ANALYSE AV FUNN.....</b>	<b>28</b>

4.1 RELASJONELL VELVÆRE .....	29
4.1.1 <i>Føla seg bra</i> .....	29
4.1.2 <i>Ha nok</i> .....	29
4.2 FAMILIE SOM VENNER .....	30
4.2.1 <i>Familie som familie</i> .....	30
4.2.2 <i>Langsiktige relasjonar</i> .....	31
4.2.3 <i>Familiestøtte gjennom oppveksten</i> .....	32
4.3 STYRKE GJENNOM KOMMUNIKASJON .....	33
4.3.1 <i>Støtte i kommunikasjon</i> .....	33
4.4 JOBBA TI GONGAR HARDARE FOR Å PASSE INN .....	34
4.4.1 <i>Tilhørslse</i> .....	35
<b>5.0 DISKUSJON .....</b>	<b>36</b>
5.1 RELASJONELL VELVÆRE .....	36
5.1.1 <i>Føla seg bra</i> .....	37
5.1.2 <i>Ha nok</i> .....	37
5.1.3 <i>Tru og fellesskap mot risiko</i> .....	38
5.2 TRANSNASJONALE FAMILIENETTVERK .....	39
5.2.1 <i>Kommunikasjon i transnasjonale familienettverk</i> .....	39
5.2.2 <i>Støtte gjennom kommunikasjon</i> .....	40
5.2.3 <i>Relasjon i transnasjonale nettverk</i> .....	41
5.2.4 <i>Utvikling av relasjonen i transnasjonale nettverk</i> .....	41
5.3 IRONIEN VED DELTAKING .....	41
5.3.1 <i>Tilhørslse</i> .....	42
5.3.2 <i>Deltaking i formelle og uformelle nettverk</i> .....	43
<b>6.0 AVSLUTNING .....</b>	<b>44</b>
6.1 OPPSUMMERING .....	44
6.2 VIDARE STUDIE .....	46
<b>7.0 LITTERATUR .....</b>	<b>47</b>
<b>VEDLEGG .....</b>	<b>50</b>
1: INTERVJUGUIDE FOR FYRSTE PAR-INTERVJU (NORSK), NÅTID OG FORTID .....	50
2: INTERVJUGUIDE FOR ANDRE PAR-INTERVJU (NORSK) FRAMTID .....	53
3: INFORMASJONSSKRIV TIL VERDIPERSON .....	55

## Figurar

Figur 1: Tre dimensjonar av livskvalitet.....	8
---	---

## 1.0 Innleiing

I 2023 var 5.1 % av Noreg sin befolkning personar med flyktningbakgrunn (Statistisk sentralbyrå, 2023). I fylgje FN sambandet (2023) er definisjonen på flyktning ein person som er utanfor sitt eget heimland, der ein ikkje kan eller tør å få beskyttelse i, eller returnera til sitt eget heimland. Det kan også vera av andre grunnar, slik som rase, religion, nasjonalitet, medlemskap i ei sosial gruppa eller ulike politiske meiningar i eige heimland (FN sambandet, 2023). Det er krig, konflikt, forfylging og alvorlege brot på menneskerettane som er hovudårsakane til at menneskjer flyktar. Klimaendringar bidrar også til at menneskjer må forlate heimane sine, noko som kan gjera livet til mange av dei som bur i ulike konfliktsonar vanskelegare (FN sambandet, 2023). I 2015 såg ein stor auka i flyktningar som kom til Noreg, då det kom over 30 000 flyktningar til landet, der mange hadde flykta over Middelhavet. Det at 70% av desse kom til Noreg i løpet av september - november skapte store problem for mottakssystemet. Det blei knytt stor uro til korleis den framtidige utviklinga kunna bli (Østby, 2016, s. 3). Grunna den kraftige oppgangen i tal asylsøkarar hausten 2015, både i Noreg, men også i Europa, blei det grunnlaget for ein serie politiske forlik i Noreg. I europeisk samanheng blei innstrammingar i eit land ofte etterfølgt med tilsvarande innstrammingar i tilsvarande land. Ein grunna då innstrammingane med at det var ei nødvendig forutsetning for ei rask og vellykka integrering (Østby, 2016, s. 4). Gitt alle desse forholda, er det avgjerande å utforska korleis deira relasjonelle velværa er, spesielt i familierelasjonar etter migrasjon.

Einsleg mindreårig flyktning er omgrepet på personar som er under 18 år og utan foreldre/omsorgspersonar når dei søker om asyl i Noreg. Desse unge einslege flyktningane kan kome til landet grunna konfliktar og fattigdom, og dei har ikkje noko framtidshåp i landet som dei kjem frå, eller dei kan vera grupper som vert utsett for systematisk forfylging eller diskriminering (Eide, 2020, s. 37). Når dei kjem til Noreg, er ansvaret for dei einslege mindreårige delt i to ulike etatar. For dei barna som kjem som er under 15 år er det Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) som har ansvaret og for dei som kjem til Noreg som einslege mindreårige flyktningar som er mellom 15 og 18 år er det utlendingsetaten som har ansvaret (Fylkesnes & Paulsen, 2019, s. 146). Når dei einslege mindreårige flyktningane kjem til Noreg må dei registrera seg hjå politiet og søke om opphaldsløyve hjå Utlendingsdirektoratet. Dersom dei er mellom 15 og 18 år når dei kjem til Noreg og søker om beskyttelse, får dei tilbod om å bu på eit asylmottak for einslege mindreårige, som utlendingsdirektoratet har ansvar for. Dersom dei einslege mindreårige flyktningane som kjem til Noreg er under 15 år, får dei tilbod om å bu på eit omsorgssenter som Bufetar har ansvar for, eller dei får tilbod om ein fosterfamilie (Integrerings- og mangfoldsdirektoratet, 2024). I tillegg til brot på omsorgssituasjonen og andre tap av viktige personar, har mange av dei vore utsett for ulike

krigsrelaterte trauma. Sidan mange av dei migrera utan ein vaksen omsorgsperson som følge, er dei i større grad også utsett for vald og overgrep, enn dei som reiser med familien sin (Oppedal et al., 2011, s. 9). Dette er bakgrunn for at FN sambandet sin høgkommissær for flyktningar har karakterisert einslege mindreårige asylsøkarar som den mest sårbare innvandrargruppa (Oppedal et al., 2011, s. 9).

Når det skal bli tatt eit val om kva kommune dei skal bli busett i, handlar det som om den einslege mindreårige flyktningane sine behov og kapasiteten til kommunen (Integrerings- og mangfoldsdirektoratet, 2024). Vidare er det opp til kommunen dei blir busett i til korleis oppfølginga deira blir, men uansett kven som får ansvaret i kommunen må fleire etatar samarbeida. Dei som kjem til Noreg som einslege mindreårige flyktningar har i utgangspunktet dei same rettighetene og pliktane som andre barn og unge i Noreg. Dette gjeld også deira sin rett og plikt til opplæring. Dei som kjem til Noreg og er under 16 år har rett og plikt til grunnskule opplæring, og det er kommunen der den einslege mindreårige flyktningen blir busett som har ansvar for å tilby den opplæringa. Dei som er under 18 år har rett til vidaregåande opplæring etter søknad (Utlendingsdirektoratet, u.å). Ein har også rett til hjelp og oppfølging på skule, helse og bustad, medan kultur og frivillige sektor må bidra til å lage gode oppvekst- og integreringsvilkår for barna. Det er kommunen sitt ansvar at barna blir tilstrekkelig ivaretatt (Integrerings- og mangfoldsdirektoratet, 2024). Unge einslege flyktningar er ei gruppe som det har blitt gjort ein del forskning på, men det er framleis store forskingshull som må bli tetta. Med denne masteren ynskjer eg nettopp å tetta nokre av dei forskingshulla som finst. Eg ynskjer å sjå på dei einslege mindreårige flyktningane, og deira relasjonar til sine familie relasjonar, både før og etter migrasjon, og korleis desse relasjonane kan bidra til auka trivsel og livskvalitet.

## 1.1 Aktualitet og bakgrunn

Eg har valt å fordjupe meg i dette temaet, då dette er eit tema som er nødvendig for sosialarbeidarar å ha innsikt i og kunnskap om. Når ein ser at 5.1% av Noreg sin befolkning er personar med flyktningbakgrunn, der ein stor del av den prosenten er einslege mindreårige flyktningar. Slik verda er no, ser det ikkje ut til å minke med folk som flyktar i frå heimlanda sine (FN sambandet, 2023). Talet på personar som kom inn til Noreg som flyktning var høgast i 2022, då det blei busett 35 700 flyktningar i Noreg. Det var flukt som var den viktigaste grunnen for innvandring i 2022. Desse store tala kan ein sjå i samanheng med krigen i Ukraina (Kirkeberg, 2023).

I detta masterprosjektet har eg fått moglegheit til å nytte meg av data som er samla inn i eit forskingsprosjekt som heiter «Drawing together», eller «Kreativ Sammen» på norsk. Prosjektet sitt

formål er å forska på korleis dei unge einslege flyktningane som blir busett i Noreg, Skottland og Finland opplev relasjonell livskvalitet. Sjølv om dei kan møte på utfordringar med å etablera seg i eit nytt land. Dette prosjektet er gjennomført over lengre tid, på tvers av landa som er nemn ovanfor, Noreg, Skottland og Finland. Kreativ Sammen har hatt eit mål om å auka kunnskapen om kva for relasjonar og kven i nettverka til dei unge einslege flyktningane som dei kan sjå i samanheng med livskvalitet. Denne masteren vil belysa ein liten del av forskinga som Kreativ Sammen har gjort, ved å sjå på relasjonane mellom deltakarane og deira sin viktige person som dei har valt ut som er ein familierelasjon. Datamateriale har blitt avgrensa til fire par intervju, med åtte deltakara. Avgrensinga er grunna masteroppgåva sin storleik. Oppgåva vil gå djupare inn i familierelasjonen og korleis den kan bidra til auka trivsel og livskvalitet. Kreativ Sammen har gjennomført studien i etterkant at dei er komne til Norge som unge einslege flyktningar, når alle har blitt over 18 år.

## 1.2 Problemstilling og formål

Som presentert innleiingsvis er 5,1% av Noreg sin befolkning personar med flyktningbakgrunn. Einslege mindreårige er omgrepet som blir brukt på personar under 18 år og kjem til Noreg utan foreldre/omsorgspersonar. Einslege mindreårige kjem til eit framand land utan å kunna snakka eller forstå språket og det blir forventa at dei skal klara å byggja ulike relasjonar, både til det offentlege, men også private relasjonar. I denne oppgåva skal eg sjå nærare på kva som kjenneteiknar dei familierelasjonane som dei unge einslege mindreårige utpeikar som særleg viktige i dag og korleis dei relasjonane kan bidra til å auka trivselen og livskvaliteten deira. På bakgrunn av dette, har eg saman med Kreativ Sammen, utarbeida fylgjande problemstilling:

*Kva kjenneteiknar dei familierelasjonane dei unge utpeikar som særleg viktige i dag og korleis bidrar desse relasjonane til trivsel og livskvalitet?*

Med utgangspunkt i problemstillinga er formålet med denne oppgåva å få innsikt i erfaringane som dei unge einslege mindreårige har skapt seg, og kva for familierelasjonar dei har utpeika som viktige for deira trivsel og livskvalitet.

## 1.3 Avgrensing

Kreativ Sammen er eit større forskingsprosjekt der det har blitt intervjuet til saman 17 personar i Noreg. Det var og deltakarar frå to andre land, Finland og Skottland. Det blei i studien kombinert kreative metodar, og intervju. Ei avgrensing som er gjort i denne oppgåva er å kun bruka data frå Noreg, og ikkje frå dei to andre landa som har vore med i studien. Desse deltakarane har uttala seg om kva for relasjonar dei har utpeika som viktige for sin trivsel og livskvalitet i Noreg. Det er brukt

datamaterialet til fire informantar, som har valt ut ein viktig vaksen person i livet sitt, som då blir rekna som verdiperson. Grunna oppgåva sin storleik og omfang, har eg valt å avgrense talet deltakarar til åtte, fire unge vaksne og fire verdipersonar. I denne oppgåva har eg valt å bruka omgrepet *unge vaksne* om informantane i studien, og *verdiperson* til dei viktige personane som dei unge vaksne har valt ut. Dei unge vaksne kom til Noreg som einslege mindreårige flyktningar, men når studien blei gjennomført med Kreativ Sammen, var alle over 18 år. Fleire av dei unge vaksne har no lovleg opphaldstillatelse og blir dermed ikkje rekna som flyktningar lenger. Desse intervjuar som er gjennomført har vore par-intervju, med dei unge vaksne og deira verdiperson. Dette for å sjå på relasjonen mellom verdipersonen og dei unge vaksne, og kva i relasjonen dei utpeikar seg som er viktige for trivsel og auka livskvalitet. Dei fire personane som er valt ut i til denne oppgåva har alle valt eit familiemedlem som sin verdipersonar, noko som då avgrensar relasjonen til familie.

#### 1.4 Disposisjon av oppgåva

Masteroppgåva inneheld seks kapittel. Det etterfylgjande og andre kapittelet i denne oppgåva tek for seg tidlegare forskning og ulik fagteori som er relevant for oppgåva og som vil støtte opp under funna. Dette er forskning og teori som går djupare inn i omgrepa relasjonell velvære, transnasjonale nettverk og deltaking. Vidare i oppgåva kjem kapittel tre, som handlar om metode. I dette kapittel tar eg for meg kva for innhentingemetode Kreativ Sammen har valt å bruka. Vidare kjem oppgåva inn på intervjuguiden som har blitt brukt, og korleis dataa som har kome inn har blitt behandla og analysert. Vidare kjem oppgåva inn på det forskningsetiske, og kva omsyn som har blitt tatt i studien. Til slutt i dette kapittelet kjem reliabilitet og validitet, og korleis det er brukt i oppgåva. Det siste som kjem fram i dette kapittelet er eventuelle svake trekk ved studien. I kapittel fire kjem ein presentasjon av datamateriale, samt analysen av funna som er gjort. Kapittel fire vil bli delt inn i tre hovudtema: relasjonell velvære, transnasjonale familienettverk og deltaking. Vidare vil kapittel fem gå inn på diskusjonsdelen, der eg vil sjå på det som kom fram i analysen i kapittel fire og teoridelen i kapittel to i lys av kvarandre. Her vil det bli drøfta den relasjonelle velværa, og sjå det i samanheng med det å ha nok og det å føla seg bra. Vidare blir det sett på det transnasjonale familienettverket, støtte gjennom kommunikasjon og utviklinga i relasjon. Den siste delen i drøftinga tar for seg deltaking og tilhøyrslø.

#### 1.5 Tidlegare forskning

Det er gjennomført fleire norske og internasjonale forskingsprosjekt og fleire ulike kunnskapsoversiktar for å skaffa seg informasjon om gruppa einslege mindreårige flyktningar. Den kunnskapen som er komne fram har satt søkelys på bestemte områder, der psykisk helse og barn

sine rettigheter er godt representert. Ein kan også finna studie og forskning som ser på heilskapen i arbeidet som blir gjort med einslege flyktningbarn (Eide, 2020, s. 39). Sentrale tema som kjem fram i kunnskapsoversikten ser på barn sin psykososiale situasjon, om individuelle livshistoria, tilhøyrsla i det norske samfunnet og relasjonen mellom dei mindreårige og hjelpeapparatet. Det som går igjen i rapportane er beskrivingar om lang ventetid i asylsøkar prosessen, psykiske traume som barna har opplevd i heimlandet og på flukta, og på ulike meistringsstrategiar i nye og uvante omgjevnadar og omsorgspersonar (Eide, 2020, s. 39).

I studien som Kreativ Sammen har gjennomført blir det utforska den relasjonelle trivselen til dei unge vaksne, og kva som er viktige med dei relasjonane. Kreativ Sammen ynskjer å finna ut kva som er viktige relasjonar for å auka deira trivsel og livskvalitet. Dette er lite forska på tidlegare, og denne studien er difor med på å tetta eit kunnskapshol. Tidlegare forskning viser til at fleire av dei einslege mindreårige som kjem til Noreg blir sett på som meir sårbare, grunna mangel på omsorgspersonar og ulike traumatiske opplevingar (Johansen, 2022, s. 32). I fylgje Kohli et al (2024, s. 2) viser at det kan gå bra med flyktningar som blir busett i Noreg og at dei ikkje skil seg vesentleg ut frå andre etniske minoritetar i Noreg.

### 1.5.1 Relasjonar etter migrasjon

Transmigrasjon inneber ein pendling, anten fysisk eller gjennom kontakt og utveksling mellom heimland og eksiland. Ein slik transmisjon blir avgrensa for barnermigrantar då det tar lang tid før dei har opparbeida seg ein økonomi til å ha moglegheit til å reisa til heimlandet. Det er likevel med på å illustrera ei sida ved barnemigrasjon som ikkje er så synleg, nemleg det at foreldra ikkje gir frå seg barna sine, men at dei overlèt dei *midlertidig* i andre sin varetekt (Engebrigtsen, 2020, s. 165). Til tross for at barna som kjem som flyktningar ofte kan vera tause om sine familiar og nettverk, tyder mykje på at barna blir «fjernoppdratt» gjennom den kontakta som finst mellom familie og slekt i heimlandet og deira nettverk som bur i Noreg (Engebrigtsen, 2020, s. 165). Dette illustrera korleis den sosiale støtte dei er vaksen opp med, sin inste sirkel, fortset og vera aktiv sjølv etter at dei er komen til Noreg. Det er likevel stor forskjell på dei unge einslege sine nettverk, og mange av dei har liten eller ingen kontakt med familie i eksil. I fylgje Engebrigtsen (2020, s. 168) kjem det fram at dei som ikkje har kontakt med sine familiar i heimlandet og/eller opplev konflikt med omsorgspersonane i Noreg, har størst psykososiale problem i eksil (Engebrigtsen, 2020, s. 168).

Seidel (et al., 2022) beskriv korleis foreldre, men også andre familiemedlem eller slektningar kan spele ei betydeleg rolle for barna. I høve til internasjonalt regelverk slik som barnekonvensjonen



(Barnekonvensjonen, 1989), anerkjennast biologiske foreldre sentrale roller og ansvar i oppdragelsen og utviklinga av barn (Seidel, et al., 2022). Den anerkjenninga understrekar foreldra sin relevans for at dei unge einslege mindreårige ikkje bør bli redusert, til trass for deira fysiske avstand, eller til tross for støtte som unge einslege mindreårige kan få av eventuelle oppnemnte omsorgspersonar eller profesjonelle tilsette (Seidel et al., 2022). Einslege mindreårige flyktningar står ovanfor fleire utfordringar og treng støtte på ulike måtar, dette er noko som har vore mykje diskutert i faglitteraturen. Nokre studia understreke dei einslege mindreårige flyktningane sine utfordringar med utdanningsresultat, integreringsprosessen, ulike språkbarrierar og lange ventetid for asylsøknadar (Seidel et al., 2022). Fråvær av familie ser ut til å vera ein betydeleg risikofaktor for kort- eller langsiktige psykiske helseproblem, grunna mangel på «beskyttelse gitt av ein familie», og dei er meir sannsynleg for å oppleve psykiatriske symptom og lidingar, enn barn som kjem i følge med foreldre (Seidel et al., 2022).

## 2.0 Teori

I dette kapittelet blir det gjort greie for utvalde omgrep og teoretiske perspektiv, som presentera rammeverket for masteroppgåva. Teorigrunnlaget blir vidare henta fram i drøftingsdelen for å kasta ljøs over datamaterialet som er analysert kople det saman med teorien. På grunnlag av det som oppgåva handlar om har teorien blitt delt inn i tre hovuddelar: relasjonell velvære, transnasjonale familienettverk og deltaking. I den fyrste teoretiske delen vil det bli belyst kva velvære og relasjonell velvære er, og korleis relasjonell velvære hjå unge einslege flyktningar viser seg, samt eit underkapittel med formelle og uformelle nettverk. Vidare i teoridelen vil transnasjonale familienettverk bli belyst, samt eit underkapittel med kommunikasjon. Siste teorien som kjem fram i denne oppgåva er deltaking og unge einslege flyktningar si deltaking i Noreg.

### 2.1 Velvære

Relasjonell velvære heng saman med velvære, der velvære omfattar ein tilstand der individet kan realisera sine moglegheita. Velvære handlar også om korleis ein handtere normale stressituasjonar i livet, korleis ein kan arbeide på ein produktiv og fruktbar måte og om ein har moglegheit til å bidra ovanfor andre i samfunnet generelt (Moksnes, 2021, s. 228). Det er ein generell semja at ungdom si psykisk helse blir forma og utvikla i samheng med faktorar som ein kan relatere til oppvekstforhold og hendingar i barndommen, i tillegg til omfanget av risiko- og beskyttande faktorar i omgjevnadane rundt og hjå individet sjølv (Moksnes, 2021, s. 228). Kunnskap om personleg meistringsressursar som potensielt er helsefremjande og beskyttande for ungdommane sin psykiske helse og velvære er viktig (Moksnes, 2021, s. 228). Velvære kan variera frå høg til låg velvære. Den subjektive opplevinga av


psykisk velvære tar utgangspunkt i menneskjer si erfaring og evaluering som ligg til grunn. Ein definisjon på psykisk velvære handlar om opplevingar av emosjonelt velvære og tilfredsheit med livet, som då er den kognitive komponenten av subjektiv velvære (Moksnes, 2021, s. 229).

### 2.1.1 Relasjonell velvære

Relasjonell velvære er ein teoretisk tilnærming som er forholdsvis ny, som handlar om å vurdere kva som får folk til å føla seg bra. Det finst mykje forskning om velvære, men det er eit avgrensa tal forskning som handlar om relasjonell velvære. Sara White (2010; 2015; 2017) er en forskar som har forska mykje på relasjonell velvære, og White (2017, s. 128) skriv i artikkelen sin at relasjonell velvære er komplekst og det er fleire ting som heng saman. Ein kan forstå relasjonar som noko ein har og ikkje at det relasjonelle gjer individa til den dei er (White, 2017, s. 128). White (2017, s. 128) fortel at relasjonell livskvalitet er noko som kan oppstå i delt fellesskap med andre og dei positive forholda ein har kan vera med å påverka individa sin livskvalitet (White, 2017, s. 128). White (2017, s. 129) forklarar at rammeverket for relasjonell velvære inkluderer det miljømessige, det samfunnmessige og dei relasjonelle faktorane, og viser kva som overlappar kvarandre og kva som har samanheng (White, 2017, s. 129). White (2017, s. 129) går inn på tre ulike hovudtypar av relasjonell velvære, og skriv at dei eksisterer saman og til ein viss grad låner frå og flyt inn i kvarandre. Figur 1 viser eit bilete av dei tre typane av dimensjonar for livskvalitet, som vil bli presentert nærare i avsnitta under (White, 2017, s. 129).

Den fyrste og mest «omfattande» tilnærminga, har eit blick mot eit breitt spekter av «livskvalitet»-faktorar, som handlar om det økonomiske og det materielle, det å *ha nok*. Det å *ha nok*, kjem til syne ved dei materielle aspekta ved livet, som å ha ein plass å bu, nok mat, vatn og andre grunnleggande ting. Ein kan også sjå på eigendelar, velferd og levestandar. Hjå unge einslege mindreårige kan dette tyde at dei får same moglegheit for å skaffa seg ein jobb eller utdanning som andre unge som lever i Noreg (White, 2017 s. 124). Den andre, er subjektiv velvære og brukar mål på individuell lykke eller tilfredsheit og ein kan sei at det handlar om å *føla seg bra*. Denne dimensjonen har to ulike aspekt ved seg, på den eine sida kan ein sjå på kulturelle ideologar, verdiar og religiøse overtvingar og på den andre sida, den subjektive delen som tek for seg menneske si oppfatning av sin sosiale posisjon, menneskeleg heit og materiell (White, 2017, s. 125). For einslege mindreårige kan dette handla om kva opplevingar dei har av eigen situasjon, frå sin eigen historie og erfaringar (White, 2017, s. 125). Det siste er relasjonar ein har og det å *vera tilkopla*. Denne dimensjonen kan ein også dela i to; dei sosiale aspekta som menneskje har og tilgang på dei offentlege godane. Den andre delen av denne dimensjonen er det menneskelege aspektet, der ein ser på evna ein har, haldningar til livet og dei

personlege relasjonane ein har (White, 2017, s. 124). For einslege mindreårige i Noreg kan dette handla om betydningane av det og byggja nye relasjonar og sosiale nettverk i Noreg, men det kan også handla om å etablera ein kontakt igjen med familien i heimlandet (White, 2017, s. 124).



Figur 1: Tre dimensjonar for livskvalitet (White & Jha, u.å.)

Dersom overflata av velvære omfattar møte av behov, inkludert evna til å vera tilkøpla og føla seg bra, genererer desse «utfalla» av interaksjonar innanfor eit sett av underliggende drivarar. Slik som dimensjonane til livskvalitet forstår både dei *indre* og *ytre* aspekta ved menneskeleg eksistens, så strekkjer drivarane seg også frå det personlege til det sosiale og miljømessige. Når ein anerkjenner alle dei tre formene for drivarar er det med på å bidra til å overvinna disiplinære skiljelinjer som vektlegg individet, medan ein ignorerer det systematiske eller det strukturelle (White & Jha, 2023, s. 20). Dei tre dimensjonane blir då det materielle, det relasjonelle og dei subjektive dimensjonane ved relasjonell velvære (Kohli et al., 2024, s. 8). Ulike menneskjer begynner med forskjellige personlege eigenskapar, sosial posisjoneringar og miljøtilgangar. Ein kan mellom menneskelege interaksjonar forverra eller forbetra slike ulikheitar, ettersom ein blir forma av andre ressursar, system og struktur. Byrå som blir utøvd på dette nivået vil dempa, forsterka eller motarbeida ein hegemonis dynamikk av dominans og det er til slutt dette som kan avgrensa eller skapa moglegheiter for varig individuell og kollektiv velværa (White & Jha, 2023, s. 21). Folk brukar relasjonar for å tilfredsstilla eit breitt spekter av behov, spesielt i samanhengar der ressursfordelinga er veldig ulik og statens velferdstilbod er svært avgrensa. Sjølv om ein kan førestilla seg slike forhold som eit nettverk, med fleire overlappende løkker, band og knutar som får det til å verka betydeleg, må ein innsjå at også desse forholda er levande ting som må bli pleidd, for ikkje å bli skada, kutta eller visna vekk (White & Jha, 2023, s. 21).

White (2015, s. 10) har i artikkelen sin tatt opp eit kjenneteikn på relasjonell velvære, som nokon, men ikkje alle forskarar deler. Det handlar om å sjå på velvære som ein prosess eller flyt og noko som skjer i staden for ein tilstand ein skal oppnå (White, 2015, s. 10). Velvære er dynamisk og kan endre seg over tid og rom. Eit trekk i den retninga er å tenka på velvære som ein form for aktivitet. The Psycho-social Assessment of Development and Humanitarian Interventions project (PADHI), er eit prosjekt der forskarane identifiserte ulike velvære i aktive vilkår: det å ha tilgang til verdifulle ressursar, det å oppleve kompetanse og eigenverd, deltaking, byggja sosiale forbindelsar og styrka den fysiske og psykiske velværa (White, 2015, s. 10)

### 2.1.2 Relasjonell velvære hjå unge flyktningar

Relasjonell velvære hjå flyktningar handlar om velvære som blir opplevd gjennom handlingar som er med på å reparera og forsterka ei kjensla av ansvar, dei og andre menneskjer har ovanfor kvarandre (Kohli et al., 2024, s. 1) Gjestevenenskap og gjensidigheit oppstår gjennom små handlingar som blir gjort i fellesskap, og med tida byggjar desse mønstra seg mellom unge flyktningar og dei som er viktige for dei (Kohli et al., 2024, s. 1). Dette kan føra til ein gjensidig kjensle av og *ha nok, være tilkoppa og føla seg bra* (Kohli et al., 2024, s. 1).

Forsking viser korleis risikoen og barrierar før og etter ein blir drevet vekk frå landet ein er fødd i kan ha ein negativ innverknad på liva til unge flyktningar i asylfasen (Kohli et al., 2024, s. 1). Dei negative innverknadane kan vise seg i fleire aspekt i deira liv, inkludert immigrasjonen, psykisk helse, sosialt arbeid og utdanning (Kohli et al., 2024, s. 1). Ein kan sjå på menneskjer som relasjonelle subjekt for kva opplevingar av velvære ein kan knyta til omsorg for og deling med andre (Kohli et al., 2024 s. 2). Relasjonell velvære oppstår over tid, og det skjer gjennom samspelet mellom intrapersonlege og mellom menneskelege relasjonar. Velvære blir forma av miljømessige, sosiale og personlege «drivera» som kan byggja, forstyrra, støtte eller øydelegga velvære (Kohli et al., 2024, s. 3). Når menneskjer opplev forferdelege ting som krig blir betydninga og opplevinga av einsamheit og tilknytning til andre testa under slike høve. Då kan tru og fellesskap gå saman mot risiko og moglegheiter, medan menneska kjempar for overleving og berekraftige liv (Kohli et al., 2024, s. 3). Dei fleste som er unge flyktningar har måtte forlata heimlandet og enda ofte ved ein tilfeldigheit i Noreg. Tilknytning til andre inneheld håp, tryggleik og komfort, gjennom beskyttande sosiale grupperingar, der ein opprettheld kontakt med venner og familie (Kohli et al., 2024, s. 3).

Det er ikkje berre den geografiske flyttinga som påverkar livet deira, men også korleis dei må navigera i eit relasjonelt terreng der ein må stoppa ein stad, for så å reisa vidare. Ein har også eit

relasjonelt ansvar ovanfor familien innanfor det breiare uformelle nettverket som familie og venner, men også for det formelle nettverket med immigrasjons- og sosiale myndigheiter (Kohli et al., 2024, s. 4). Unge flyktningar har ofte med seg relasjonar frå heimlandet, men skapar nye relasjonar gjennom vegen til deira nye kvardag. Desse relasjonane kan vera med å beskytta dei mot skadar og gjennom relasjonane finn og skapar dei ein gjensidigheit, der deira behov blir møtt, og dei kan møte andre sine behov (Kohli et al., 2024, s. 8).

Ifølge White (2010) er livskvalitet ein prosess, eller fleire ulike prosessar, der menneskjer si oppfatning av eigen livskvalitet kan bli endra over tid og gjennom ulike fasar i livet. I tillegg til tid og ulike fasar, vil ein også bli påverka av kor ein oppheld seg geografisk. For unge einslege mindreårige kan ein sjå at aspektet med geografi og tid kan ha store påverknadar, då dei har opplevd store kontrastar og endringar i omgjevnader og forhold som kan ha vore med på å påverka deira livskvalitet. Som nemnt i innleiinga er det enten Bufetat eller integrerings- og mangfoldsdirektoratet som har ansvar for oppfølging og busetting av dei einslege mindreårige. Desse instansane kan då ha ei stor rolle når det kjem til påverknad av dei unge flyktningane sin livskvalitet. Instansane kan gjera dette i form av ein plass å bu, mat og økonomiske midlar, eller i form av emosjonell støtte, som å hjelpa dei med å få kontakt med BUP eller andre hjelpande instansar (Integrerings- og mangfoldsdirektoratet, 2024). Dei kan også bidra til moglegheitene dei unge får for å bygga sosiale relasjonar, det kan handla om oppfølging og hjelp dei får med å kome i kontakt med andre gjennom aktivitet eller frivillig arbeid. Det kan også handla om kvar dei unge einslege blir plassert, i kva for kommune og korleis deira oppfølging til dei einslege mindreårige er (Integrerings- og mangfoldsdirektoratet, 2024). Ein kan då sjå på relasjonell livskvalitet som noko som endrar deg over tid og av miljø, men også gjennom kulturelle og politiske faktorar (White, 2010).

### 2.1.3 Formelle og uformelle nettverk hjå unge einslege flyktningar

For unge einslege mindreårige er det mange dei må seg å kommunisere med, og dei må læra seg å kommunisere med personar i eit nytt land som snakkar eit nytt språk. Ein kan dela personar ein kommunisera med, til formelle og uformelle nettverk. Det formelle nettverket består av offentlege hjelpeapparat, slik som barnevern, Bufetat, helsestasjon, fastlege osv. Det uformelle nettverket består av familie, slekt, naboar og vener. I Kreativ Sammen sin studie er det sett på einslege mindreårige flyktningar som kjem til Noreg utan noko støtte frå det uformelle nettverket sitt, og har ofte kun det formelle nettverket og støtte seg på (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 149). Alle i samfunnet har i prinsippet tilgang til det formelle nettverket, og det er noko av det fyrste som møter dei unge flyktningane når dei kjem til Noreg. Det uformelle nettverket stiller seg annleis, då det må

vera kontakt mellom partane og kontakta må vera god i det uformelle nettverket, om det skal vera til hjelp. Den isolasjonen som dårlege nettverk kan føra til, kan gjera ein sårbar fordi ein blir åleine om å løysa alle problema ein har (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 149). Når einslege mindreårige kjem til Noreg blir dei tatt i mot av det formelle nettverket og dei sjølve klara å skapa seg eit uformelt nettverk. Det kan vera utfordrande når ein ikkje snakkar det same språket, og ein kjem kanskje frå ein vanskelege situasjonar som ein ikkje har fått arbeida med (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 149). Korleis ein skapar seg uformelle nettverk, kan ha samanheng med kva kommune ein får tildelt, og korleis barnevernet eller Integrerings- og mangfoldsdirektoratet leggje opp planen for oppfølging (Integrerings- og mangfoldsdirektoratet, 2024).

For ungdom har venskap og det sosiale nettverket ei stor betydning i kvardagen. Dette gjeld ungdommar generelt, men det er ikkje mindre viktige for einslege mindreårige flyktningar. Dei som kjem til Noreg som einslege mindreårige flyktningar er opptatt av kva vener og nettverk har å seia for integreringsprosessen (Berg 2020, s. 200-201). Berg (2020, s. 200-201) legg fram at det ikkje alltid er lett å få vener på eigen hand, og fleire av dei einslege mindreårige har store forventningar til det å byrja på vidaregåande skule (Berg, 2020, s. 200-201). Dei einslege mindreårige flyktningane kan bli opplevd som ein del av «dei andre», både språkleg, fagleg og sosialt. Mange av dei norske ungdommane har nok med seg sjølv og tilbyr i liten grad eit fellesskap med dei som kjem utanfrå, då dei har ein anna språkleg, fagleg og sosial bakgrunn (Berg, 2020, s. 201). Nokre av dei unge einslege mindreårige har venner og familie og deltar i ulike aktivitetar i regi av frivillige organisasjonar, i kommunane dei blir busett i. Andre får nettverk gjennom fritidsaktivitetar. Fleire ungdommar framhevar kontakten med andre einslege mindreårige i same situasjon, og kontakt med etablerte miljø med flyktningar med same etniske bakgrunn. Ungdommane opplev det som godt å kunna snakka eget morsmål, der dei får forståing for situasjonen dei er i, og bli inkludert og får støtte i miljøa (Berg, 2020, s. 201).

## 2.2 Transnasjonale familienettverk og kommunikasjon

Behovet ein har for emosjonell tilknytning til ein eller fleire signifikante personar blir rekna som universelt for ein normal personlegheitsutvikling og teoriar om tilknytning har fått eit stadig større og breiare omfang og forståing av individ og samfunn (Engebrigtsen, 2020, s. 164). Basert på ulike teoriar og forskning om tilknytning i tidleg spedbarnsfase, har Kahn og Antonucci (Engebrigtsen, 2020, s. 164) utvida betydninga av omgrepet ved å inkludera mellommenneskeleg tilknytning på forskjellige sosiale arenaer gjennom heile livet. Her peika dei på forskning som viser til at menneska har ein beredskap for forandring gjennom heile livet sitt, som utfordrar dei tradisjonelle ideane om at

erfaringar i dei fyrste leveåra kan avgrensa moglegheitene seinare i livet (Engebrigtsen, 2020, s. 164). Kahn og Antonucci (Engebrigtsen, 2020, s. 164) er meir opptatt av å fokusera på notida sine sosiale relasjonar og erfaringar, for å kunna forstå eit individ si psykososial meistring (Engebrigtsen, 2020, s. 164). Det er gjennom anerkjennande, empatiske relasjonar vår identitet, det å vera eit viktig menneskje, blir forma. Både sosialt og moralsk formar me menneskjer gjennom måten ein stiller seg til dei ein møter. Vårt moralske ansvar ovanfor dei ein møter handlar om å anerkjenna den andre for det han eller ho er, som menneskje. Når ein møter på andre på ein anerkjennande og empatisk måte, vil den andre kunna oppleva seg som eit viktig menneskje (Beyene et al., 2023, s. 114). Dersom ein ikkje klarar å møte andre på denne måten, kan deira sin oppleving av verdigheit bli krenka og dei kan kjenna seg mindreverdige og lite viktige som menneskjer (Beyene et al., 2023, s. 114).

Sjølve kjernen i transnasjonalt familieliv, er utvekslinga av ulike typar omsorg, på tvers av landegrenser (Markussen, 2021, s. 147). Ein kan ha fleire ulike typar av transnasjonal omsorgsgiving og det kan handla om å yta økonomisk hjelp gjennom å overføra peng, eller gi kjenslemessige reaksjonar eller moralsk støtte gjennom virtuelle kommunikasjons måtar, som telefon. Ein kan også yte ulike formar for praktisk hjelp eller personleg pleie, det kan ein gjera ved å organisere hjelpen på avstand, eller yta hjelp på eigenhand. Dette er noko som kan fordre transnasjonalmobilitet (Markussen, 2021, s. 147). Forsking på transnasjonale familiar har vist at geografisk nærleik og hyppig fysisk kontakt ikkje er avgjerande for samhald mellom generasjonar. Dette er på tross av lange geografiske og lengre tidsrom med fysisk åtskiljing. Det å kunna ha moglegheit til å ha returbesøk til opphavslandet, er like viktige for migrantar sin kjenslemessige velvære og for å vedlikehalda familiebandet (Markussen, 2021, s. 148).

### 2.2.1 Kommunikasjon

Sjølvs om hyppig kommunikasjon mellom personar som har transnasjonale familienettverk, ikkje er avgjerande for samhaldet, handlar kommunikasjon om ein av måtane dei kan gje transnasjonal omsorg. I alle relasjonar er kommunikasjon viktig og noko ein gjer kvar dag, ofte ubevisst. Det kan vera vanskeleg og definera kva liv er, men Ekeland (2023, s. 131) meina at kommunikasjon er kjenneteikn på det som er levande, for alt som lever, det kommuniserer. Med menneskjer plar ein å visa til den velutvikla hjernen for å forklara evna me har til språkleg kommunikasjon (Ekeland, 2023, s. 131). Menneskjer er ikkje berre i stand til å tilpassa seg svært mange ulike omgjevnader, men også forme omgjevnader til å passe til menneskje (Ekeland, 2023, s. 132). Biologisk sett er menneske uferdige og inkompetente frå fødsel av – hjelpelause, men med ein stor kapasitet for læring. Ein er difor prisgitt omgjevnader og omsorgspersonane ein har for å kunna overleve og utvikla oss til

sjølvstendige individ og samfunnsmedlem (Ekeland, 2023, s. 132). Det ein sjølv har erfart i kommunikasjon med andre, vil vera med å prega måten ein kommuniserer på sjølv. Når ein ikkje har relasjonar som gjev grunnlag for meining og eit fellesskap, vil heile eksistensen bli satt på prøve. I analysen kan ein sjå at fleire av informantane hadde kontakt med både sin verdiperson som er familie, men også med utvida slekt, dei har altså alle kontakt med sin inste sirkel. Dette gjelder spesielt når ein er sjuk eller er i trøbbel på ulike måtar (Ekeland, 2023, s. 132-133).

Menneske sin kommunikative grunnstruktur heng saman med biologien til menneskja, og denne biologien har utvikla seg til eit nivå der vår art ikkje er bunden av det faktiske, men at ein kan skapa artefakt og forteljingar om fortid og framtid, og er det ein kan kalla meiningdanning (Ekeland, 2023, s. 135). Dagleglivet si meiningsskaping handlar om korleis me forstår kvarandre, men også korleis ein forstår seg sjølv. Ein har ein dagleg straum av sosial omgang og samhandling høyrer til mikrolivet, og det meste ein gjer av meiningdanning skjer i mikrolivet, og det er automatisert og skjer utan vite (Ekeland, 2024, s. 135). Det er ut frå ei fortolka verd ein handlar i, og dersom ein tolkar feil så kan handlingane ein gjer også bli feil (Ekeland, 2023, s. 136). Når ein fortolkar får ein også ein del forventinga, men forventingar har konsekvensar og av og til kan dei stadfesta seg sjølve (Ekeland, 2023, s. 137). Det er fyrst når ein har lært seg å stå i mot kritisk prøving mot røynda, at ein kan våge å feste lit til den. Ein forventning, ein spådom eller ei tru om noko kan ha den kommunikative effekten at det påverkar realiteten (Ekeland, 2023, s. 137). I kommunikasjon mellom menneskjer vil sjølve kommunikasjonen kunna forma og forma om aktøren. Kva ein tenkjer og føler om andre menneskjer, og potensielt det som gjeld kommunikasjon, er alle med på å skape den måten ein tar seg ut for kvarandre på (Ekeland, 2023, s. 138).

Både i heimlandet, på flukt og under opphald i transittland har mange av dei einslege mindreårige hatt brutale og krenkjande møter med myndigheitspersonar (Kjelaas, 2020, s. 174).

Flyktningbakgrunnen deira inneber også at fleire av desse barna og ungdommane har hatt tøffe og traumatiske erfaringar, noko som kan vera med å påverka dei i kommunikasjon med andre (Kjelaas, 2020, s. 174). Dette gjeld både korleis dei kommunisera, og kva dei kommunisera om. Ein kan sjå korleis barn og unge med traumatiske erfaringar ofte ikkje har ein gjennomtenkt «versjon» av dei erfaringane dei har, og at deira beskrivingar kan stå fram som fragmenterte og ulogiske (Kjelaas, 2020, s. 174).



## 2.3 Deltaking

Deltaking er nedfelt i Barnekonvensjonen, der det kjem fram at alle barn har rett til deltaking og innflytelse. Spesielt med tanke på artikkel 12 som handla om retten til å fritt gje uttrykk for sine synspunkt og at dei blir tillagt vekt (Barnekonvensjonen, 1989, art. 12). Dei fleste land i verda føl konvensjonen, og Noreg vedtok den i 1991. I 2003 blei den også ein del av den Norske lov, der den går framfor andre lover dersom dei er motstridande (Regjeringen, 2022). Barnekonvensjonen har vore viktig for anerkjenning av ungdom og barn som subjekt med ein evne til deltaking og ei legitim stemma (Johansen, 2022, s. 31). Sjølve omgrepet om deltaking er knyt til retten å ytra seg, og det er mange som meiner at det ikkje er tilstrekkeleg å bli høyrte, men at dei også bør ha moglegheit til å ta del i, og/eller påverka dei avgjersla som skal bli tatt (Johansen, 2023, s. 37). Høg grad av deltaking handlar om å la barn og ungdom delta i, og vera med på å påverka dei avgjersla som er relatert til eget liv, og det fellesskapen dei er ein del av. Dersom ein har ein låg grad av deltaking handlar det om at ein kan uttrykkje fleire synspunkt, utan at dei får konsekvensar på avgjerdnivå (Johansen, 2022, s. 32).

Relasjonen mellom ungdommen og den vaksne er eit viktig vilkår for å lykkast med å skapa gode avgjersler. Det er viktig at relasjonen blir bygd på tillit og respekt, og ungdommen må oppleve at dei blir tatt på alvor, og at dei blir respektert (Paulsen & Studsrød, 2019, s. 33). Vidare kan ein sjå at dersom ungdommen blir tatt på alvor, respektert og anerkjent, bidrar det med å auka relasjonen. Ein kan då sjå at desse to elementa forsterkar kvarandre, med at medverknad bidrar til ein god relasjon, og ein god relasjon bidrar til medverknad (Paulsen & Studsrød, 2019, s. 33). Flyktningane sin psykososiale helsa, kan bli undergrava dersom dei blir sett i ein avhengig og underordna posisjon, der dei ikkje blir involvert i slutningane som påverkar livet deira (Johansen, 2023, s. 38). Når ein skal førebyggje dette, kan ein bruka ei deltakarbasert tilnærming. Då kan dei vere med på å involvera dei i deira sin eigen beskyttelse og oppmuntra dei til å forma eit trygt sosialt miljø (Johansen, 2023, s. 38). Det kjem fram at det er fleire faktorar som spelar inn og påverkar kva for eit land dei søker asyl i. Det er barnemigrantane sine egne val og strategiar, og ytre faktorar som er med på å bestemme. Det kan vera ytre faktorar slik som grensekontroll, menneskjer dei møter undervegs eller føringar som er knytt til politikken til landa dei reiser gjennom eller ynskjer å slå seg ned i (Eide, 2020, s. 35). Dei unge einslege flyktningane er då med på slutningane om kva land dei søker asyl i.

### 2.3.1 Unge einslege flyktningar si deltaking i Noreg

Tidlegare forskning som omhandlar barn og unge med fluktbakgrunn har vektlagt psykiske helseproblem, sårbarheit og andre risikofaktorar som sentrale tema (Johansen, 2022, s. 32). Gruppa

som omhandlar unge einslege flyktningar blir ofte framstilt som sårbare, og det grunna alder, dei er skilde frå familie og primære omsorgspersonar, ulike traumatiske opplevingar og utfordringar i møte med nye samfunn (Johansen, 2022, s. 32). Sosiokulturell integrasjon handlar om ungdommane klarar å rekonstruera sine sosiale nettverk og om dei utviklar nødvendig kompetanse etter dei har blitt busett (Oppedal et al., 2011, s. 43). Desse prosessane kan ein sjå i samanheng med ungdommane sin psykiske helse, då tilknytning til ulike sosiale nettverk handlar om at ein har tilgang på sosial støtte, som kan beskytta mot ulike psykiske plagar. Etnisk og norsk kulturkompetanse kan gi ein oppleving av meistring og sosiale ferdigheit, samtidig som det gjer det lettare å etablera nye relasjonar (Oppedal et al., 2011, s. 43). Dei danske barneforskarane Charlotte Højholt og Dorte Kousholt bruker omgrepet «situert ulikheit», om dei avgrensa moglegheitene for å delta, bidra og gjere seg gjeldande i kvardagslivet sitt fellesskap. Nokon barn deltar frå marginaliserte posisjoner, slik som einslege mindreårige flyktningar ofte er (Ulvik, 2019, s. 129).

Det er store variasjonar blant ungdommar når det kjem til tilhøyrse og tilknytning til sin opphavslege kultur og til det norske samfunnet, altså korleis «tokulturalitet» kjem til uttrykk. Det kjem fram at mange ungdommar kan møte ulike barrierar i storsamfunnet i forsøka sine på å bli integrert, fordi etniske nordmenn er meir tilbakehalden med å akseptera dei som norske på lik linje med seg sjølv (Oppedal et al., 2011, s. 43). Det er ein stor kompleksitet i einslege flyktningar sin psykologiske utvikling og tilpassing. Det kjem fram at dei har på den eine sida masse psykiske plagar, og dei kan slite med ein kjensle av einsemd. På den andre sida kan ein sjå at utviklinga for dei fleste går i ein positiv retning når det kjem til utvikling av kulturkompetanse, samt det å få tilknytning til sosiale nettverk og til det Norske samfunnet som ein heilheit (Oppedal et al., s. 43). Desse prosessane som skjer er viktige for deira forutsetningar for sosial, kulturell og strukturell integrasjon (Oppedal et al., 2011, s. 43). I ein rapport frå folkehelseinstituttet kjem det fram at fleire av dei unge einslege flyktningane på ein eller anna måte følte seg norske. Det blir snakka om korleis kjensla av det å vera norsk kjem syne ved at dei lev som nordmenn: dei snakkar norsk, kler seg i norske klede og oppfører seg som nordmenn (Oppedal et al., 2011, s. 39). Det kjem også fram at det at dei har dei same rettighetene og pliktane som nordmenn gjer at dei kan føla seg meir som ein del av det norske samfunnet. Det handlar om anerkjenninga av dei som norske borgarar som avgjerande for at dei kan føla seg norske (Oppedal et al., 2011, s. 39). Det er viktig at dei einslege flyktningane blir tilrettelagt for sosial integrasjon med medlem av den norske majoritetskulturen i lokalsamfunnet der dei blir busett. Dette er heilt avgjerande for dei skal få ein moglegheit til å føla seg som ein del av det norske samfunnet (Oppedal et al., 2011, s. 40).

Sosial integrasjon går føre seg innanfor dei rammene av eit sosialt fellesskap innanfor rammene som er i eit sosialt fellesskap (Oppedal et al., 2011, s. 45). Det blir ei viktig oppgåva for dei som blir ansvarlege for den lokale oppfølginga av einslege flyktningar for å jobba med å involvera og ansvarleg gjera både skulen sitt nettverk, men også i andre grupper i kommunen sitt arbeid for å fremja deira kulturelle tilhørleghet og sosiale integrasjon (Oppedal et al., 2011, s. 45). Det krev ein heilskapleg planlegging av ulike instansar og tenester for å fremje gode sosiokulturelle utviklingsprosessar, samt og førebyggja og behandla psykiske plagar (Oppedal et al., 2011, s. 45). Det at kommunen har ein god samordning kan bidra til at ungdommane opplev at dei har eit trygt sikkerhetsnett rundt seg, at dei kan få hjelp og støtte ved behov, og at dei kan få rettleiing (Oppedal et al., 2011, s. 45). Noko forskning har vist at det kan gå bra med einslege mindreårige flyktningar som blir busett i sitt nye heimland, både sosialt, og kjenslemessig. Desse ungdommane er ikkje eksepsjonelle eller mirakuløse. I ein studie som er gjort i Noreg som handlar om oppfølging av einslege mindreårige i Noreg, kjem det fram at sosial tilpassing, sysselsetting og utdanning av unge flyktningar ikkje skil seg vesentleg frå andre etniske minoritetar i Noreg (Kohli et al., 2024, s. 2). Ein kan også dessverre sjå at det er ein del unge einslege flyktningane som fell utanfor med omsyn til både inkludering i utdanning, arbeid og samfunnsdeltaking (Pastoor, 2020, s. 211).

### 3.0 Metode

I dette kapittelet vil det bli gjort greie for val av metode, og kva vitskapleg ståstad oppgåva har. Vidare i oppgåva kjem det fram korleis Kreativ Sammen samla inn datamateriale, og korleis det har blitt handtert. Vidare kjem oppgåva inn på korleis datamaterialet har blitt analysert i denne oppgåva. Det kjem fram grunnlaget for utvalet av informantar, samt validitet og reliabilitet, og korleis dette kjem fram i oppgåva. Avslutningsvis går oppgåva inn på dei forskingsetiske omsyna som er blitt tatt, før det blir satt lys på dei eventuelle svake trekkja ved studien.

#### 3.1 Det vitskapsteoretiske perspektivet

Målet med forskning handlar om å utvikla kunnskap, eller kome med ny kunnskap om verkelegheita og bruk av systematiske framgangsmåtar for å innhenta denne kunnskapen (Larsen, s. 2017, s. 16). Ein treng forskingsbasert vitskap for å kunna skildra, forklara og forstå får å så kunna eventuelt utvikla og endra (Larsen, 2017, s. 13). Målet med vitskapleg verksamheit er primært å utvida vår erkjenning ved å etablera ny kunnskap (Thornquist, 2018, s. 17). Ein grunnleggjande regel for vitskapleg verksamheit er at forskingsmetodane må bli tilpassa dei fenomena som skal bli undersøkt og dei problemstillingane som skal bli belyst (Thornquist, 2018, s. 17). Metodologi handlar om å

knytte forbindelsar til grunnleggjande spørsmål om forholdet mellom teori og empiri, og korleis ein kan oppnå gyldig veten, samt kva vitenskapleg veten er (Thornquist, 2018, s. 18).

### 3.1.1 Fenomenologi

Fenomenologi blir ofte framstilt som læra om det som kjem til synet og viser seg. I fenomenologi blir oppmerksamheita retta mot verda slik den blir erfart *for* subjektet, og ikkje på verda uavhengig av subjektet (Thornquist, 2018, s. 101). Ein har ofte framstilt fenomenologi som ein individ- og kjensle orientert retning, der det «berre» gjeld å vera empatisk og klara å leve seg inn i andre menneskjer sin verd (Thornquist, 2018, s. 102). Fenomenologi er ein kunnskapsteoretisk anleggjande.

Grunnleggjaren av fenomenologi Edmuns Husserl, var opptatt av og forstå kunnskap, og dens natur og vilkår. Det som var ein av hans hovudinteresser var å undersøkje bevisstheita, og ikkje primært studera empiriske fenomen (Thornquist, 2018, s. 102). Når ein skal studera verda, må ein leggje til bevisstheita. Det som kjenneteiknar bevisstheita er det som blir kalla for *intensjonalitet*. Menneske sin bevisstheit er intensjonal i den forstand at den aldri er tom, og at det alltid er retta mot noko, og det er alltid ein bevisstheit mot noko (Thornquist, 2018, s. 102).

Fenomenologi formidlar respekt for det som er konkret og kan leggje vekt på erfaringsnære, kontekstualiserte og fylldige skildringar. Det handlar om og ikkje ha med seg fiks ferdige kategoriar, teoriar og fordommar, men la dei sjølv koma til uttrykk (Thornquist, 2018, s. 106). Det blir difor oppfordra til ein openheit og til ein viss grad tilbakehalden heit slik at verda ikkje berre tilpassar seg kategoriane som er definert på forhånd, ferdige førestillingar og tankemodellar. Ein kan forstå, enten koma saken nærmare eller fjernare, og det er avhengig av kva bevisstheit haldningar, erfaringar og innføring ein stiller med (Thornquist, 2018, s. 106). Det kjem fram at fenomenologi ikkje er ein fasttømra og einsarta retning, men ein bevegelse som omfattar fleire forskjellige retningar, men dei har fleire bestemte fellestrekk (Thornquist, 2018, s. 107). Dette prosjektet har ein fenomenologisk-hermeneutisk tilnærming, då det handlar om korleis det blir erfart *for* subjektet, og ikkje på verda uavhengig av subjektet som nemnt tidlegare. Det er nettopp dette denne masteroppgåva vil undersøke, nemleg korleis dei unge beskriv sine erfaringar, og forsøka og sjå ein samanheng eller eit mønster på tvers av deltakarane sine beskrivingar. For å finna ut kva oppfatningar forskaren, altså Kreativ Sammen har med ein fenomenologisk tilnærming, er forskaren opptatt av å fremje erfaringar om *kva* deltakarane har opplevd og *korleis* dei har opplevd dei ulike tinga. Ein kan sjå fenomenologien kjem til uttrykk i denne studien ved at studien handlar om korleis verda og deira erfaringar kjem til syne i undersøkinga. I fenomenologien blir det lagt vekt på gode og fylldige skildringar, noko som har kome fram under Kreativ Sammen sin datainnsamling. Fenomenologi blir

ofte framstilt som læra om det som kjem til synet og viser seg. I fenomenologi blir oppmerksamheita retta mot verda slik den blir erfart *for* subjektet, og ikkje på verda uavhengig av subjektet

### 3.1.2 Hermeneutikk

Hermeneutikk handlar om spørsmål som ein knyt opp mot forståing og fortolking. I hermeneutikken sysset ein seg med kva forståing er, og drøftar problem knytt til vilkåra for forståing og fortolking og til korleis ein kan oppnå fruktbare og gyldige fortolkingar. I hermeneutikken er objekta ein arbeidar med fyrst og fremst tekstar. Det er viktig med ein bevisstheit på korleis tekstar kan bli fortolka (Thornquist, 2018, s. 167). I hermeneutikken kan ein sjå at det er ofte blir referert til to hovudtradisjonar, den *tradisjonelle* hermeneutikken som er primært metodeorientert, medan den andre tradisjonen er *filosofiske* hermeneutikken, som hovudsakleg er opptatt av ontologiske spørsmål (Thornquist, 2018, s. 168).

I den tradisjonelle hermeneutikken hadde ein som mål å kome fram til korrekt fortolking av tekst, og det via gjen-erfaring og gjen-skaping av forfattern sin bevisstheit, liv og historie (Thornquist, 2018, s. 169). I den filosofiske hermeneutikken er hovudspørsmåla knyt til grunntrekka ved menneske og dei universelle vilkåra for forståing (Thornquist, 2018, s. 169). Det har i seinare tid blitt utvikla fleire nyare retningar, som ofte blir kalla *dybdehermeneutikk*. Her blir både tankar frå den filosofiske hermeneutikken og dei metodiske spørsmåla vidareutvikla (Thornquist, 2018, s. 169). Thornquist framstiller utviklinga slik «først sto forholdet mellom verket og *forfatterens liv og intensjoner* i sentrum; etter hvert ble interessen rettet mot forholdet mellom verket og *leseren*» (Thornquist, 2018, s. 169). Dei hermeneutiske studia legg vekt på forskaren si fortolking av deltakarane og deltakarane sine meiningar i større grad enn det som blir gjort i fenomenologiske studie (Grønmo, 2016, s.392-393). Ein anna forskjell på dei to ulike tilnærmingane er at forskaren sin *før* forståing, samt heilskaplege forståing kan tilleggas støtte vekt i hermeneutiske studie (Grønmo, 2016, s. 393-394). Ein hermeneutisk analytisk tilnærming til forskning og studie ein skal gjennomføra vil difor pendle mellom forståing og forforståing, og mellom del- og heilhetsforståelse. Ein refererer ofte dette som den hermeneutiske sirkelen (Grønmo, 2016, s. 394). I Kreativ Sammen sin studie har alt av datamaterialet som eg har fått tilgang på vore tekstar. I Kreativ Sammen sin studie har det også blitt drøfta vilkåra for forståing og fortolking, og korleis ein kan oppnå gode fortolkingar.

### 3.2 Val av metode

Når ein skal gjennomføra eit forskingsprosjekt, må ein nytte seg av ein form for metode. Når ein skal bruka metode, kan ein tenkje på det som eit slags verktøy, eller reiskap. Metode er eit reiskap ein

brukar for å få svar på spørsmåla ein har, og få ny kunnskap og veten innanfor eit avgrensa tema (Larsen, 2017, s. 15). Metode handlar om korleis ein innhentar, organiserer og tolkar informasjonen ein får. Generelt sett kan ein sjå på metode som ein planmessig framgangsmåte for å nå eit bestemt mål (Grønmo, 2016, s. 41). I vitenskapleg verksamheit er målet å byggja opp kunnskap om ulike fenomen og utvikle ein teoretisk forståing av den kunnskapen. Ein kan i tråd med det sjå på dei vitenskaplege metodane i eit bestemt fagområde bli betrakta som systematiske og planmessige framgangsmåtar for å etablere haldbare teoriar og påliteleg kunnskap innanfor det fagområdet (Grønmo, 2016, s. 41).

Samfunnsvitenskapleg metode er ein samlebetegnelse for fleire samfunnsvitenskaplege fag. Det som er felles for faga innan det samfunnsvitenskaplege er at dei er opptatt av menneskjer og samfunn. Fenomena er ikkje like synlege som i naturvitenskap, og ein må operasjonalisere. Det vil seia at ein må definere og konkretisere, og ein må fortolke fenomen for å kunna forstå det ein studera (Larsen, 2017, s. 17). Samfunnsvitenskap handlar om menneskjer i ulike typar samfunn, og ikkje berre om enkeltmenneskjer og grupper i samfunnet, men også om samfunnet som ein heilskap (Grønmo, 2016, s. 18). Samfunnsvitenskapen emne område omfattar folk sine sosiale bakgrunn og deira si meining og handlingar, og individ og grupper sine eigenskapar og deira relasjon til kvarandre, og i det større samfunnet som dei er ein del av (Grønmo, 2016, s. 18).

### 3.3 Kvalitativt forskingsintervju

I kvalitativ forskning er det intervju og observasjon som er den mest brukte forma for datainnsamling der ein samlar inn informasjon basert på erfaringar gjennom datainnsamling, og kan ikkje bli sett på som objektive fakta (Larsen, 2017, s. 97). I denne oppgåva har det blitt brukt fenomenologiske og hermeneutiske tilnærmingar. I kvalitative intervju ynskjer forskaren å få innsikt i personar si erfaringar, meiningar og følelsar. Intervjua handlar ofte om livet til desse personane, og har ofte tema knytt til studie, jobb og familieliv (Larsen, 2017, s. 98). Det finst ulike perspektiv på kva intervjudata fortel noko om. I denne studien er det blitt brukt eit positivistisk ståstad, der intervjupersonane beskriv hendingar, kunnskap og synspunkt som er med på å representere deira tidlegare erfaringar, og forskaren er ein «nøytral» mottakar av informantanes erfaringar (Larsen, 2017, s. 98).

#### 3.3.1 Semistrukturert intervju

Når ein skal gjennomføre intervjuet er det fleire moglege måtar ein kan gjera det. Semistrukturert intervju er ein metode som mange forskarar vel. Når ein brukar semistrukturerte intervju, brukar ein

ofte det ein kallar ein fleksibel intervjuguide. Ein kan då ha ein ferdig formulerte spørsmål eller stikkord, men at ein kan vera fleksible med omsyn til rekkjefølga på spørsmåla, og ein kan stilla oppfølgingsspørsmål dersom det er behov for det. Dette er nytta i denne studien som Kreativ Sammen har gjennomført (Larsen, 2017, s. 99). Ofte kan det vera behov for å stilla oppfølgings spørsmål dersom ein ynskjer at informantane skal utdjupe eller vera meir konkret i svaret. Når ein brukar semistrukturert intervju er ein ofte fleksible når det gjeld informantane sine initiativ til å ta opp ulike tema eller utdjuingar (Larsen, 2017, s. 99). Det er framleis viktig at intervjuaren har ein utforming av ein intervjuguide, slik at intervjuaren får den informasjonen ein treng for å kunna svara på problemstillinga (Larsen, 2017, s. 100).

### 3.3.2 Intervjuguide

Intervjuguide er ein viktig del av førebuinga til datainnsamlinga, og intervjuguiden skal i grove trekk beskriva korleis intervjuet skal bli gjennomført, med hovudvekt på kva tema som skal bli tatt opp med intervjuobjekta (Grønmo, 2016, s. 168). Intervjuguiden er strukturert inn i to hovudintervju, der dei i det fyrste intervjuet snakka med intervjuobjektet og intervjupersonens viktige person om fortid og notid. Intervjuet var delt inn i fem hovuddeler: innleiing, minne om korleis de fyrst møttest, notid: med og for kvarandre, koronaviruset og forholdet det siste året og det større nettverket og det å «ha nok». I innleiinga til intervjuguiden kom det fram kva som var målet med intervjuet, og kva som var viktig å få ut av intervjuet. På slutten av intervjuguiden står det kort om kva som skal bli summert opp, og kva dei kjem til å snakka om i neste intervju (Vedlegg 1).

I det andre intervjuet er det delt inn i fire hovuddeler: innleiing, sidan førige intervju, framtida og det større nettverket og det å «ha nok». I innleiinga til intervjuguiden kjem det fram kva som er målet med intervjuet. På slutten kjem det info om kva som er viktig å hugse å få med om verdigpersonen (Vedlegg 2). I ein utforminga av intervjuguide må forskaren vurdere informasjonsbehovet, og må tenkja igjennom kva slags informasjon som ein skal skaffa seg gjennom intervjuet. Den vurderinga blir tatt i utgangspunkt med studien si problemstilling, og ein kan basere det på dei generelle framgangsmåtane for utveljing av informasjon (Grønmo, 2016, s. 168-169). Eit av spørsmåla i intervjuguiden er utforma slik:

*Det å «ha nok» (ting, peng, bu forhold, helsehjelp osv) – sørge for at YP har det dei treng. Økonomisk og materiell trygghet (låna kvarandre peng, tipse om jobb eller hjelpe med moglegheiter ifht skule/utdanning) – men kanskje også gjensidig*

### 3.3.3 Analyse

I analysen av datamateriale som eg har fått frå Kreativ Sammen, har eg brukt verktøy som Kreativ Sammen har gitt meg tilgang til gjennom prosjektet, SAFE, som er sikker behandling av sensitive personopplysningar i forskning. I SAFE har eg brukt verktøyet NVivo til å sortere ut og analysere funna i intervju. NVivo er eit program som kan vera til hjelp i kvalitative undersøkingar, der det er designet for å hjelpa med organisering og analysing. Det kan vera godt å bruka i ustrukturerte eller kvalitative data, som intervju, slik som denne studien er (Noregs Teknisk-naturvitenskaplige universitet, u.å.). Ein kan nytte ulike metodar til å kode dataa som ein har fått, og korleis ein vel og analysere dataa variera frå mykje frå studie til studie (Grønmo, 2016, s. 265). Det finst ingen standardiserte analyseteknikkar som ein nyttar ved kvalitative data. Ein av dei mest brukte metodane for å omarbeide og sortere tekstdata, er koding. Når ein skal kode handlar det om å avdekke generelle eller typiske mønster i materialet. Forskaren les gjennom tekstane som skal analyserast, og dannar seg ein inntrykk av kva som er sentralt eller typisk. I denne oppgåva valte eg og lese gjennom alle fire intervju, der eg lagde meg eit par stikkord på kva som skilte seg ut og kva typiske mønster som gjekk igjen. Koding kan bli gjennomført gjennom fleire trinn, og det blir ofte kalla *open* koding. Med open koding står kodane ofte fram som ein fyrste karakterisering og klassifisering av dei viktigaste innhaldselementa i datamateriale (Grønmo, 2016, s. 267). Med open koding vil ikkje dei empiriske data vera bestemmande for kva kodar forskaren vel, men problemstillinga vil vera ei rettesnor.

Vidare i analysen etter koding kan ein sjå på *kategori*. Ein kategori er ei samling eller klasse av fenomen med bestemte eigenskapar (Grønmo, 2016, s. 268). Dei felles eigenskapane må ein fyrst identifisera og definera, og detta kan ein gjera ved å gå gjennom dei kosane eller stikkorda som ein fekk i open koding (Grønmo, 2016, s. 269). Vidare etter kategori kjem ein til omgrep. Då utviklar ein omgrep, det kan vera nemning på dei fenomenen som inngår i kategorien (Grønmo, 2016, s. 269). Eg valte å lage tre ulike «hovud» kategoriar etter å ha lest gjennom alle fire intervju grundig, der eg såg på kva omgrep som passa til fenomenen som blei skildra i intervju. Det blei delt inn i kategoriane *relasjon*, *kommunikasjon* og *deltaking*, og det blei koda ved hjelp av NVivo.

### 3.3.4 Utval av informantar

Det å bestemme utvalet, kven som skal vera med i studien og bli informantar er viktig for det vidare gangen i studien (Larsen, 2017, s. 89). Når ein brukar kvalitativ metode er ikkje deltakarane tilfeldig utvalt, og det kan då vera vanskeleg og veta om utvalet representera populasjonen. I denne studien har det blitt gjort eit stort utval av informantar, og det kjem frå ulike land, noko som kan vera med på



å auka truverdigeita at det representera populasjonen (Larsen, 2017, s. 89). For å finna desse informantane har dei fått tak i ambassadørar som har rekruttert informantane. Ein av forskarane i denne studien var tidlegare sosialarbeidar, og hadde gode kontaktar frå jobben som sosialarbeidar til å finna ambassadørar. Desse ambassadørane fant dei ulike informantane som er med i studien. I kvalitative undersøkingar blir det også viktig å sjå om studien har ein overføringsverdi, altså om det ein finn kan vera relevante for andre grupper enn dei informantane som er med. Overføringsverdi av dei funna ein har kome fram til, blir styrka gjennom å gjera ein undersøking som har høg grad av reliabilitet og validitet (Larsen, 2017, s. 90). I Kreativ Sammen sin studie som er gjort i Noreg, består den av 17 personar, som er i alderen 18 til 29 år. Dei har alle ein bakgrunn som einsleg mindreårig flyktning. Deltakarane har opphav frå seks ulike land i Asia og Afrika. Utvalet blei rekruttert i Bergen, og nærliggande kommunar. I tida då dei blei rekruttert hadde dei budd i Noreg i fleire år. Av utvalet som består av 17 personar, er det i denne oppgåva valt ut fire av desse, og deira sin verdiperson, til saman åtte deltakarar. Desse fire har blitt valt ut då dei har valt ein verdiperson som er dei har ein familie relasjon til. Denne oppgåva vil då gå djupare inn i kva som kjenneteiknar relasjonen som dei unge vaksne utpeika seg som særleg viktig, som her er familie, og korleis dei bidrar til auka trivsel og livskvalitet.

### 3.3.5 Fordelar og ulemper ved kvalitativ studie

Fordelen ein har ved å bruka ein kvalitativ studie er at forskaren ofte møter informantane ansikt-ansikt. Dette kan ein sjå på som ein fordel i forbindelse med bortfall. Det er lettare og ikkje svara på eller la vere å fylla ut ei spørjeundersøking som er tilsendt, enn det er å trekkja seg frå eit intervju (Larsen, 2017, s. 29). Ein anna fordel er at forskaren kan stilla oppfølgingsspørsmål dersom det er noko som forskaren ikkje forstår, eller ynskjer ein meir detaljert forklaring på. Dette fører også til at forskaren får ei betre forståing for det som bli studert. Det er også lettare å sikra seg ein god validitet ved kvalitative undersøkingar, då det er mogleg å stilla utdjupande og fleire spørsmål, denne oppgåva skal vidare kome inn på kva validitet er (Larsen, 2017, s. 29).

Ei ulempe ved bruk av kvalitative metode er at ein ikkje kan generalisere statistisk ved kvalitative undersøkingar. Sjølv om ein kvalitativ studie bør ha ein overføringsverdi, kan ein ikkje seia at det er det same som at den er statistisk generaliserbar (Larsen, 2017, s. 29). Ei ulempa som også er i kvalitative undersøkingar er at det kan vera meir tidkrevjande og behandla data i etterkant, då det ikkje er ferdig svarkategoriar som er kryssa av. Det kan også vera vanskelegare for informantane å vera ærlege når intervjuaren sitt ovanfor deg, enn det er ved eit skjema som skal kryssast av. Det er altså ei ulempa at informantar ikkje alltid snakkar sant. Ein kan også sjå dette i kvantitative

undersøkingar, men ikkje i like stor grad (Larsen, 2017, s. 29). Kontrolleffekten er den mest openberre ulempa ved kvalitativ intervju. Intervjuaren sjølv eller sjølve metoden kan vera med å påverka resultatet. Informanten kan svare det informanten trur at forskaren vil at hen skal svare på, og at hen svarar det for å gje eit godt inntrykk. Det kan også vera for at informanten vil skjule at dei ikkje veit eller er usikre, eller at informanten svarar det som dei trur er allment akseptert (Larsen, 2017, s. 29-30).

### 3.4 Reliabilitet

Reliabilitet visar til nøyaktigheit eller pålitelegheit, og då om det har lagt til grunn i prosessen. Når ein skal sjekka undersøkingar for reliabilitet er det ikkje like lett i kvalitative undersøkingar, som i kvantitative (Larsen, 2017, s. 94). Når ein gjer observasjonar som ein forskar, er det ikkje sikkert at ulike forskarar observera det same, og dei kan oppfatta ting på ulike måtar. Reliabilitet i kvalitative undersøkingar handlar ofte om truverdighet, altså om det informantane formidlar er truverdig. Det empiriske funna som blir gjort, må vera basert på dei faktiske forholda. Datamaterialet blir mindre truverdig dersom det byggjer på forskarens subjektive skjønn, eller andre tilfeldigheter i prosessen (Larsen, 2017, s. 95). Truverdigheita handlar då om datainnsamlinga har blitt gjort systematisk og om det samsvarar med dei forutsetningane ein har. Når det gjeld reliabilitet er det viktig med gjennomsluttheit, altså at ein beskriv korleis ein har samla inn data og korleis ein har analysert funna, slik at andre også kan vurdere korleis det har blitt gjort (Larsen, 2017, s. 95). Det er også viktig å klara og halde orden på intervju og kven som har sagt kva, slik at det ikkje blir blanda. Vidare skriv Larsen (2017, s. 95) at det kan vera lurt å vera fleire som intervjuar, for jo fleire som gjer det same, dess høgare blir reliabiliteten. I Kreativ Sammen er det fleire som har intervju dei ulike intervju som har blitt gjennomført, og det er forskaren som har gjennomført intervjuet som har gått gjennom det transkriberte materialet. Det er fleire forskarar i same prosjekt som har gått gjennom dei transkriberte intervju i etterkant, for å sikra anonymiteten til deltakarane, og at det har blitt bevart riktig.

Reliabiliteten er høg dersom undersøkinga og datainnsamlinga gir pålitelege data. Ein kan sjekka denne pålitelegheita dersom ein får identiske data dersom ein brukar den same undersøkinga ved ulike innsamlingar av data om dei same fenomena (Grønmo, 2016, s. 241). Reliabiliteten er eit uttrykk av kor stort samsvar det er mellom dataa frå slike gjentatte datainnsamlingar, og reliabiliteten er høgare dess meir samsvar det er. Det er ikkje alltid lett å gjennomføra fleire slike gjentatte datainnsamlingar, og det kan grunna i at undersøkinga er for komplekse eller fleksible til at ein kan gjenta datainnsamlinga på same måte (Grønmo, 2016, s. 241). Kreativ Sammen har hatt fleire

intervju med same deltakarar, slik at det har kome data frå fleire gjentatte datainnsamlingar. Ein har også ein høg reliabilitet dersom datamateriale variera i liten grad på grunn av metodologiske forhold, og at forskjellane i data hovudsakleg er ein refleksjon av reelle forskjellar mellom analyse einingane. Dette er også viktig når ein tenkjer på tillita ein har til data og tolkinga av analyseresultatet (Grønmo, 2016, s. 241).

### 3.5 Validitet

Validitet handlar om relevans og gyldigheit og i ein kvalitativ studie handlar det meir konkret om bekreftbarheit, truverdigheit og overføringsverdi (Larsen, 2017, s. 93). Sjølv om reliabiliteten er høg, og har truverdig og påliteleg data, er det ikkje sikkert at dataa som er samla inn er treffande eller relevante for det ein skal undersøka (Grønmo, 2016, s. 251). Når ein skal sjå på validitet i kvalitative studiar kan ein sjå på om ein undersøker det som skal bli undersøkt. Altså om det blir samla inn data som kan svara på eller er relevant for problemstillinga, slik at slutningane som blir trekt er valide (Larsen, 2017, s. 93). Når ein ser på om spørsmåla som blir stilt gir svar på det ein lurar på, har ein då eit grunnlag for å bekrefte funna og dei slutningane som blir trekt (Larsen, 2017, s. 93). Når ein kvalitativ studie har som mål og fortolka det som kjem fram i tillegg til å beskriva det, kan validiteten handla om fortolkingane er gyldige for den verkelegheita som er studert. Dette er ein måte å tenkja på om fortolkingane er truverdige (Larsen, 2017, s. 93). I denne studien kan ein sjå ein klar samanheng mellom det som har blitt forska på og problemstillinga. Validiteten i denne oppgåva kan ein sjå ved at spørsmåla i intervjuguiden heng saman med problemstillinga som er formulert i denne oppgåva.

Det kan vera vanskeleg å vurdere validiteten, men ein kan på fleire ulike måte sikra validiteten (Larsen, 2017, s. 94). Når har intervjuet kan ein foreta korreksjonar undervegs. Dersom ein har ein fleksibel prosess der ein kan endre spørsmål, kan dette bidra til at informasjonen ein får inn, gjev eit betre grunnlag for å trekkje slutningar (Larsen, 2017, s. 94). Det er veldig viktig at ein er kritisk i forskingsprosessen, det bidrar til auka validitet og at det blir gjort i alle deler av undersøkinga (Larsen, 2017, s. 94). Kreativ Sammen har valt å bruka ein slik fleksibel prosess, der dei kan endra, eller stilla oppfølgingsspørsmål undervegs. Ein ser at reliabilitet og validitet kan overlappa kvarandre, spesielt ved at høg reliabilitet er ein forutsetning for høg validitet. Datamateriale kan ikkje vera gyldig eller relevant for problemstillinga dersom dataa ikkje er påliteleg (Grønmo, 2016, s. 242).

Reliabiliteten er uavhengig av validiteten, då datamateriale kan vera påliteleg sjølv om det ikkje er relevant eller svarar på problemstillinga. Høg reliabilitet er ikkje ein garanti for høg validitet (Grønmo, 2016, s. 242).

### 3.6 Forskingsetikk

I dette prosjektet har etikk vore eit viktig tema for å sikra seg at det som er gjort i studien er moralsk forsvarleg. Ein kan forstå etikk som reglar, prinsipp og retningsliner for å vurdere om ulike handlingar er riktig eller galt (Larsen, 2017, s. 15). Når ein snakkar om forskningsetikk handlar det om normer som skal sikra at den vitskaplege verksomheita er moralsk forsvarleg (Larsen, 2017, s. 15). Når ein skal forska på samfunnet brukar ein ofte informantar i form av intervju eller observasjon, og når ein ser på etikk i den samanhengen handlar det om korleis ein møter informantane, korleis dei blir informert om undersøkinga, kva spørsmål ein stiller og korleis informasjonen som kjem fram blir behandla (Larsen, 2017, s. 15). Det er fleire måtar ein kan sjå om etikken er ivaretatt, ein viktig faktor handlar om informanten har gitt eit informert samtykke. Det går ut på om dei har samtykka til å delta i studien og at dei blir informert om at dei til ei kvar tid kan trekkja samtykket frå studien, utan at det skal få konsekvensar for dei. Dette har blitt gjort i Kreativ Sammen sin studie, då alle deltakarane har fått skriftleg informasjon om samtykke og informasjon om at det kan trekkja det tilbake dersom dei ombestemmer seg (Larsen, 2017, s. 15).

Ein kan også sjå på om informantane har fått informasjon om konfidensialitet, altså at deltakarane har krav på at alt dei fortel skal bli behandla konfidensielt og at identiteten deira er skjult (Larsen, 2017, s. 15). I Kreativ Sammen sin studie, som det i denne oppgåva kjem datamateriale frå, er det gjort fleire tiltak for å sikra identiteten til deltakarane. Dei transkriberte datamateriale som er nytta i denne oppgåva har vore anonymisert. Forskarane som har transkribert materialet har tatt vekk ting som deltakarane har sagt som kan avsløra deira identitet. I tillegg til at eg også gjekk gjennom materiala og tok vekk det som kunne vera med å avsløra anonymiteten. Før dataa blei tatt ut av SAFE blei det analysen og lest gjennom av rettleiar, som godkjente analysen og det som skulle vera med i oppgåva. Etikk handlar også om ærlegdom knytt opp mot rapportane eller artiklane som skal bli publisert, at det er nøye med å referere til kjelder som blir nytta og at det ikkje blir kopiert frå andre sine tekstar (Larsen, 2017, s. 16). Forskjellige faglege tilnærmingar og teoretiske ståstadar kan opna for ulike tolkingar av materialet som er henta inn. Det er difor viktig at ein reflektera over og gjer greie for kva eigne verdiar og haldningar ein har og korleis det kan påverke val av tema, datakjelder og tolkingar (Larsen, 2017, s. 16).

#### 3.6.1 Refleksivitet

Refleksivitet handlar om at ein som forskar anerkjenner eiga rolle, og påverknaden det har på forskingsprosessen. For det fyrste kan gjennomføringa av forskinga påverka informantane som blir studert, slik at dei har ein anna åtferd når dei blir studert, enn dei har i andre samanhengar.

Kunnskapen blir prega av at dei som blir studert reagera på at dei blir studert (Grønmo, 2016, s. 21). I denne studien blei fleire av intervjuja gjennomført under koronaviruset og det var då påbode med munnbind (Regjeringen, u.å). Dette er noko forskarane og deltakarane hadde på seg under intervjuja, noko som kan ha vore med å påverka resultatane. Forskarane har ikkje fått sett skikkeleg ansiktet og ansiktsuttrykka til deltakarane når dei har gjennomført intervjuja. Ein anna del, handlar om at forskaren sin sosiale bakgrunn og samfunnsmessige erfaringar påverkar deira oppfatning og forståing av dei samfunnsforholda som blir studert. Kunnskapen reflektera også forskaren sine referanserammer og forma for forståing (Grønmo, 2016, s. 21).

Min bakgrunn er noko som også kan påverka forskinga i fleire ledd av forskingsprosessen. Eg er utdanna barnevernspedagog og har jobba i barnevernet i 2 år, men har ikkje jobba med tematikken som er i masteroppgåva. Mi forståing og kunnskap til einslege mindreårige har ikkje vore særleg stor, og eg har då ikkje med meg mange forhandskunnskap inn i dette prosjektet. Under dette prosjektet blei det brukt SAFE og NVivo. Dette er noko som eg ikkje har brukt før, og noko eg synest var litt utfordrande å koma inn i. Eg har heller ikkje vore med å gjennomført intervjuja sjølv, noko som kan ha avgrensa mine forståingar for intervjuja som er gjort. Eg har då satt meg godt inn i intervjuja og intervjuguiden, og har gode dialogar med både forskarar som har vore med på prosjektet og prosjektansvarleg. Eg har kunna stilt spørsmål til dei, dersom det har vore noko uklart i forbindelse med intervjuja som er gjort.

### 3.7 Etiske omsyn

Når ein skal gjennomføra kvalitativ forskning er det fleire omsyn som er viktig å ta. Som nemnt tidlegare er det viktig at identiteten til deltakarane er konfidensiell og at identiteten deira er skjult. I dette prosjektet har alle intervjuja blitt utført av erfarne forskarar, noko som kan vera med å sikra kvaliteten på resultatane. I prosjektet har dei ikkje brukt personleg informasjon, som kan avsløra identiteten til dei som har deltatt. Forskarane har ikkje brukt, namn, kjønn, alder og utdanning. Det som har blitt tatt opp på lydband, og transkripsjonar har forskarane lagra på SAFE, som er ein programvare som er tilgjengeleg for dei som er involvert i forskinga. Når eg brukte SAFE, var det viktig for meg å vera klar over at eg kunna kome over data som var kunne bli identifisert. Det vil seie at forskarane hadde fjerna direkte identifiserbar informasjon slik som namn, alder, religion, etnisitet, bustad, utdanning, arbeidsstad og landbakgrunn. Fordi intervjuja inneheld dybde informasjon, vurderte forskarane at der var viktig å nøye vurdere anonymiteten med tanke på at personar i deira nære nettverk kunne gjenkjenna detaljar i deira historie.

Som forskar tok eg og anonymiserte desse dataa, før dette datamateriale blei godkjent av vegleiar, og importere det til denne oppgåva. Når ein skal forska i Noreg må ein få godkjenning frå Sikt, som kan hjelpe med lovleg tilgang til personaldata og etterleving av personvernregelverket (Sikt, u.å). Tidlegare var det Norsk senter for forskingdata (NSD) som hadde ansvar for dette. Kreativ Sammen har fått godkjenning til prosjektet, der Sikt har bidratt til at dei kan samle inn sensitive data og lagra personopplysningar (Larsen, 2017, s. 97). Vidare har relasjonen mellom deltakar og ung vaksen blitt anonymisert, for å sikra anonymitet i eit lite utval. Vidare er det eit viktig omsyn kring det etiske og tenkja på maktforholdet som kan oppstå mellom forskaren og informantane som er med. Dersom det blir opplevd maktubalanse kan dette vera med å påverka dataa som kjem fram, og det kan bidra til at informantane får ein dårleg oppleving og ikkje ynskjer å stilla som informant på fleire forskingsprosjekt, eller kan trekke seg frå det pågåande prosjektet. Det er viktig å påpeike at alle deltakarane er over 18 år på intervju tidspunktet, men har kome til Noreg som einsleg mindreårig.

### 3.8 Svake trekk ved studien

Når det kjem til svake trekk ved undersøkinga, er det fleire faktorar som kan vera med å påverka resultatet. Når ein har eit uformell intervju kan ein få problemet med at forskaren kan påverka svara som deltakarane gjev. Det kan skje ved at forskaren opptrer på ein måte som kan stimulera elle provosera deltakarane til å uttala seg på ein bestemt måte, ved å stilla ledande spørsmål eller på ein anna måte gi inntrykk av at deltakarane blir forventa å gi bestemte svar (Grønmo, 2016, s. 173). I studie til Kreativ Sammen har forskaren gitt alle deltakarane moglegheit til å høyre gjennom det som har kome fram under samtalen på slutten, som ein liten oppsummering. Deltakarane har då fått ein moglegheit til å sei ifrå dersom det ikkje var slik deltakarane uttrykte seg. Noko som kan vera ein svakheit ved denne studien.

Ein svakheit er at eg ikkje har gjennomført intervju sjølv, det er andre personar som har gjennomført intervju. Mykje av informasjonen ein får under intervju skjer i ansikt-ansikt kommunikasjon. Forskaren kan få mykje informasjon ut av ansiktet til informantane, og korleis dei reagerer, eller kva ansiktsuttrykk og kroppsspråk dei får når dei svarar på spørsmåla. Sidan eg ikkje har gjort intervju sjølv, kan det vera informasjon eg har gått glipp av sidan eg ikkje gjennomført intervju. Dette kan ha gitt nokon avgrensingar i fortolkingsarbeidet. Eit anna punkt i forskingsarbeidet som kan vera ein svakheit er at det kan vera utfordrande for meg å få ei ordentleg forståing av intervju og ei oversikt over deltakarane, då eg ikkje har gjennomført eller vore med på nokon av intervju. Eg har fått informasjon om det eg lurar på av studien gjennom å ha lest meg opp på studien, samt eg har ein vegledar som har vore ein forskar i studien. Eg fekk også eit godt innblikk

i studien ved å lese dei artikkane som har kome ut av arbeidet, samandraget som Kreativ Sammen har, og tidlegare masteroppgåve som har kome ut frå data som Kreativ Sammen har samla inn.

Ein anna svakheit i denne undersøkinga er at sjølv om det er eit stort prosjekt med mange informantar frå ulike land, er det framleis relativt få i den store samanhengen som fortel sin oppleving. Dette kan gjera det å trekke generelle konklusjonar for fleire enn dei som er med på undersøkinga. Ein kan ikkje seia at denne studien har ein gyldigheit for alle einslege mindreårige i Noreg, men ein kan likevel tenkja seg at den har ein stor del gyldigheit og overføringsevne. Studien kan dermed bidra til å auka forståing på korleis einslege mindreårige opplever relasjonen til sine verdipersonar, som i denne studien er familie.

## 4.0 Resultat og analyse av funn

Når ein skal analysere data som er samla inn er målet å koma fram til ein heilskapleg forståing av spesifikke forhold, eller til å utvikla teoriar og hypotesar om bestemte samfunnsmessige samanhengar (Grønmo, 2016, s. 265). Når ein gjer kvalitative studie gjer ein ofte analysen jamleg etter kor det blir samla inn. Analysen går føre seg heile tida, men dess lenger ut ein kjem i studien dess meir tid og omfattande blir analysen (Grønmo, 2016, s. 265). For å ivareta deltakarane sin anonymitet best mogleg, vil eg sitere deltakarane med ung vaksen og verdiperson, for å skilje deltakarane. Eg har valt å ikkje bruka nummer til å identifisera kven som har sagt kva. Dette er gjort for å behalda anonymiteten til deltakarane, då det er få deltakarar i denne studien. Vidare er det som står i slik parentes [...] personleg informasjon som har kome fram under opptaket, som har blitt erstatta med kva som har blitt sagt, på ein slik måte at anonymiteten til deltakarane har blitt sikra. Eg har satt inn (...) der deltakarane fortel noko, men det har ikkje betydning for oppgåva sin relevans, og har då valt å ta dette vekk, slik at det berre kjem fram informasjon som har betydning for oppgåva.

I denne oppgåva er resultata delt inn i 4 deler, etter kva som har vore mine tema etter analysen som blei gjort i NVivo. Det blir i denne oppgåva sett på den relasjonelle velværa, det å føla seg bra og det å ha nok. Vidare kjem analysen om relasjonar og kva for relasjonar som deltakarane har utpeika seg som verdifulle, og kvifor relasjonane er gode. Vidare i analysen går eg inn på kommunikasjonen mellom deltakarane, altså mellom dei unge vaksne og deira sin verdiperson. Her blir det belyst kva for formar for kommunikasjon som hovudsakleg blir brukt, og korleis kommunikasjon kan vise seg i støtte. Avslutningsvis tar analysen for seg deltaking, og korleis deltakarane opplev deltaking i Noreg på ulike måtar og tilhøyrse.

## 4.1 Relasjonell velvære

### 4.1.1 Føla seg bra

Dette hovudtema ser på den relasjonelle velværa, det å *føla seg bra*, det å *ha nok* og det å *vera tilkopla*. Når det kjem spørsmål frå forskar om deltakarane føler seg bra, synest det gjennom intervjua at fleire er takknemlege for livet dei har fått her i Noreg. Eine deltakaren svarar følgjande på spørsmålet om dei føler seg bra:

Jeg er så takknemlig for livet jeg har nå. Jeg er også så takknemlig for at [navn informant] er her i Norge, så han kan gi meg en sjanse til å bli bedre. Å bli et bedre menneske, å kunne hjelpe andre mennesker som trenger enten penger, utdanning eller råd. Noe sånt. Du vet, ja, jeg er veldig takknemlig. Vi prøver alltid å være takknemlig for det Gud ga oss. Mange unge mennesker har ikke den sjansen som vi hadde, og som vi har, som de i hjemlandet. Så vi er faktisk takknemlige. Og det er viktig at vi er takknemlig hver eneste dag. At vi kom til Norge, vi har fått en sjanse, til å være et bedre menneske. (Verdiperson)

### 4.1.2 Ha nok

Relasjonell velvære har tre viktige undertema, det andre undertema oppgåva vil ta for seg er *det å ha nok*. Når ein snakkar om det å *ha nok*, kan ein sjå på dei materielle aspekta ved livet, eller på eigendelar, velferd og levestandar (White, 2017, s. 124). I intervjuet stiller forskaren spørsmål til deltakarane om dei føler at dei har nok. Eine deltakaren fortel «Vi gir hverandre kjærighet og respekt. Og det å være i kontakt, det er mer enn nok. Det er mer enn nok» (Ung vaksen). Ein ser ein gjensidigheit i relasjonen mellom den unge vaksne og verdipersonen. Ein anna deltakar fortel at dei ikkje har så mykje peng, men at det er ikkje det dei ser på som viktigast i livet. Deltakaren fortel at målet for framtida er «bare å leve lykkelig. Jeg trenger ikke bare sånn mye penger, men selvfølgelig penger er jo viktig, men samtidig glede er jo det viktigste» (Ung vaksen). På spørsmål frå forskaren om dei opplev at dei har tilstrekkeleg moglegheita i Noreg og om dei opplever god livskvalitet kjem det fram: «En god livskvalitet er jo vanskelig å svare på. Men stort sett så kan jeg si ja» (Ung vaksen). Verdiperson legger på at «Vi kan ikke klage på noe. Vi har jo hverandre. Selv om vi ikke bor i samme land nå, men vi har hverandre. Så det betyr veldig mye. Hvis hun har det bra så er det det viktigste» (Verdiperson).

I eit av intervjua fortel informant at «Økonomisk så har vi jo ikke så gode jobber så det var ikke så mye vi kunne støtte» (Ung vaksen). Vidare fortel informanten at «Det var en gang jeg ikke hadde penger, da jeg bodde alene. En betaler jo mye i husleie og sånt. Da kunne jeg spørre om jeg kunne



låne penger [navn verdiperson]. Så hun støtter meg økonomisk og sånne ting også» (Ung vaksen). I eit anna intervju fortel informanten: «faren min sørger for at familien min har det som de trenger, hus, sykehus, mat, alt. Jeg trenger ikke noe fra dem da jeg får alt jeg trenger av den norske regjeringen» (Ung vaksen). I desse sitata kan ein sjå ein gjensidigheit mellom dei unge vaksne og verdipersonen, og korleis dei bidreg i kvarandre sitt liv og korleis det aukar opplevinga deira om å *ha nok*.

## 4.2 Familie som venner

Dette hovudtema handlar om relasjonane deltakarane har, og korleis dei relasjonane bidrar til relasjonell velvære. Som nemnt tidlegare har intervjupersonane, dei unge vaksne i denne oppgåva valt ut eit familiemedlem som deira viktige verdiperson. Eit gjennomgåande mønster som kjem tydleg fram i intervjua er korleis dei unge vaksne og verdipersonen ser på kvarandre. Dei er som nemnt familie, men fleire av deltakarane beskriv kvarandre som meir enn familie, eine deltakaren beskriv relasjonen til informanten slik:

Vi gikk i samme klasse, vi satt sammen, selv om vi var [søsken]. Vi har mange venner, så var vi tettere enn de andre. Det var merkelig da, men det er trygt fordi du vet at du har noen i nærheten av deg hele tiden. (Verdiperson)

Det kjem fram i fleire intervju at sjølv om dei er i familie, ser dei på kvarandre som venner også. Eine deltakaren beskriv sin relasjon slik: «Hun er ikke bare min [relasjon], men min venn. Søsknebarn på en måte. Hun er en av dem som gjør meg trygg og hva heter det? Gjør meg glad» (Verdiperson). Eine verdipersonen beskriv sin informant slik «nå som vi er i Norge er vi bestevenner. Vi er [familie] så vi forteller hverandre når vi har en dårlig dag. Så gjør vi mange ting sammen og med hverandre» (Verdiperson).

### 4.2.1 Familie som familie

I det eine intervjuet der den unge vaksne og verdipersonen bur i ulike land beskriv verdipersonen relasjonen til den unge vaksne slik: «Men vi er alltid nære. I hjertet vårt. Sant?» (Verdiperson). At dei har ein god relasjon til verdipersonen kjem tydeleg fram i alle intervjua, den eine unge vaksne beskriv sin relasjon til sin verdiperson som er sin mor, slik:

Grunnen til at jeg valgte moren min som min verdiperson er at hun er verdifull for meg. Hun er min mor. Det er hun som har støttet meg. Hun er min venn på toppen av det. Jeg deler alt

i livet mitt med henne. Hun er den første personen jeg forteller om ting i livet mitt til. Hun er ikke bare min mor, hun er også min venn. Min beste venn. (Ung vaksen)

På spørsmål frå forskaren om kvifor deltakar har valt akkurat den verdipersonen av alle personar dei har ein relasjon til beskriv den eine unge vaksne sin relasjon til si mor slik:

Fordi jeg syntts hun er den viktigste personen min etter at min [familiemedlem] døde. Siden da jeg var liten. Og det er jo foreldre som hjelper mest til at jeg blir sånn som jeg er i dag. Så det er jo eneste jeg har jo av livet mitt på siden sånn. Det er mor og så familie selvfølgelig. Hun er jo veldig viktig selv om vi ikke bor sammen. (Ung vaksen)

#### 4.2.2 Langsiktige relasjonar

I intervjuguiden er eit av spørsmåla som er utforma: «Korleis har relasjonen utvikla seg over tid?». Deltakarane sine skildringar av utviklinga av relasjonen til sine verdipersonar og til dei unge vaksne viser at fleire av deltakarane har same oppfatning av korleis relasjonen kjem til å vera i framtida. I det eine intervjuet fortel eine deltakaren utviklinga av relasjonen slik: «Vi har mer forståelse for hverandre. Vi støtter hverandre hele tiden hvis det er ting som skjer. Så er det litt sånn, relasjonen er alltid god, men vi har blitt mer voksne» (Verdiperson). Same deltakar fortel seinare i intervjuet at «relasjonen har alltid vært god, men vi har jo både gode og dårlige dager da» (Verdiperson). Eine deltakaren beskriv sin relasjon slik: «Jeg tenker jo, tror det ikke blir forandret. Den relasjonen vil iallfall ikke gå tilbake, i negativ retning liksom. Ikke sånn negativt. Den vil bare bygge seg opp mer og mer» (Ung vaksen). I eit anna intervju snakkar eine deltakaren om korleis dei bidrar i kvarandre sitt liv, og korleis planlegginga av framtida saman er. Deltakaren beskriv det slik:

Jeg føler meg trygg når mine [familiemedlemmer] bidrar med ideer i alt jeg planlegger og bestemmer, så de er med på det. Og de er enige med meg og å ha deres støtte er faktisk ... Ehh, det betyr faktisk mye. Det faktum at vi kan utveksle våre planer og fremtid. Det er en stor ting (Ung vaksen).

##### 4.2.2.1 Familiegjenforening som ein utfordring

Fleire av deltakarane fortel at dei skulle ynskje at dei var nærmare verdipersonen sin slik at dei fekk meir tid med dei. Det kjem fram at det kan gå fleire år mellom kvar gang dei ser kvarandre. Ein av deltakarane fortel om eit ynskje om å få verdipersonen sin til Noreg, slik at dei kan bu nærmare kvarandre, og slik at det er lettare å møtast og vera meir saman. Deltakaren fortel at det kan bli ein

utfordring, då det er fleire ting å tenkja på dersom ein skal få familiegjenforening. Deltakaren beskriv det slik:

Det kan være en liten utfordring å hente min mor med familiegjenforening. Jeg må jo vise eller sånn hvor mye jeg tjener og ikke minst de kommer til å tenke om jeg klarer å forsørge henne hvis hun skal bo her. Og ikke minst er det jo litt vanskelig å komme seg ut fra landet. Så det ja, det er jo mest utfordringer tenker jeg. (...) Det kan bli vanskelig, men håper en dag (Ung vaksen).

#### 4.2.3 Familiestøtte gjennom oppveksten

I intervju fortel fleire av deltakarane om korleis relasjonen deira var i oppveksten. Det kjem fram i fleire intervju at fleire hadde stor tilknytning til kvarandre i oppveksten, medan andre fortel om ein oppvekst utan tilknytning til kvarandre. I eine intervjuet fortel eine deltakaren om den sterke tilknyttinga dei hadde slik:

Hun ble født, eller ikke født, men etter at hun fikk [sykdom] så fikk hun [helseutfordringer] i (uklar tale). Så da er det sånn at vi måtte passe ekstra på. Ikke bare sånn fysisk, men psykisk også. Sånn at hun ikke ble skadet, eller psykisk, i tankene. Så det er det som tar ekstra mye tid for oss. Men samtidig så er vi veldig glade for å kunne hjelpe hun. Vi har redsel for at hun skal lei seg og sånne ting. (...) Da hun var lei seg måtte vi sørge for at hun ikke skulle på en måte være lei seg på grunn av [helseutfordringen], men sånn som på en måte det må være vanlig (Verdiperson).

I eit av intervju kjem det fram korleis relasjonen mellom deltakarane ikkje var til stades tidlegare i livet deira. Deltakaren fortel: «Vi hadde ikke så mye barndom sammen» (Verdiperson). Vidare kjem det fram at når dei blei eldre har dei prøvd å få den relasjonen som dei ynskte. Deltakaren fortel vidare: «Så vi hadde ikke den slags fysisk barndom, (...) For å gjøre opp for det. Som å pleie det vi savnet i barndommen, for å være [søsken], det beste vi kan» (Verdiperson). Ein anna deltakar fortel om ein barndom som er prega av ein tett og god relasjon med sin verdiperson. Deltakaren fortel: «Vi vokste jo opp sammen. Vi gikk på skole sammen til vi gikk på videregående skole» (Verdiperson). Vidare kjem det fram i same intervju at dei gjorde det meste i lag. Deltakaren fortel «Vi satt alltid sammen. Vi spiste sammen. Vi gjorde alt sammen. (...) så kjøpte vi samme klær» (Ung vaksen). Deltakaren legger til rett etterpå «Samme farger også» (Ung vaksen).

### 4.3 Styrke gjennom kommunikasjon

Eit tema som også er gjennomgåande i alle intervju er kommunikasjon. I intervjuguiden er dette også eit av spørsmåla som er utforma: «korleis har de haldt kontakt med kvarandre over tid?». Det kjem fram i alle fire intervju korleis relasjonen mellom informant og verdiperson er. Det som er felles for alle sin kommunikasjon, er at dei har ein jamleg kommunikasjon med kvarandre. Ein av deltakarane beskriv kommunikasjonen slik: «Vi ringer jo minst en gang om dagen, for å si det sånn. Hver dag» (Verdiperson). Deltakaren beskriv seinare i intervjuet «det er veldig sjelden at vi ikke snakker med hverandre på en dag» (Ung vaksen). Ein anna deltakar fortel at hyppigheita på kommunikasjonen slik: «Ja, det er minst en gang i uken» (Ung vaksen).

Ein av deltakarane fortel at dei har meir enn berre kommunikasjon over telefon, men også at dei prøver så godt det lar seg gjera og møtast. «For det meste snakker vi på telefon, men noen ganger når jeg har fri i helgen, reiser jeg til henne. Så kan vi gå på restaurant og spise litt mat og nyte det, som [søsken]» (Verdiperson). Ein anna deltakar fortel at kommunikasjonen hovudsakleg skjer over telefon, og at dei av og til har med den utvida familien, slik som tanter. «Noen ganger snakker vi om familie, og noen ganger har vi gruppechatter, eller videosamtaler med tanter også» (Ung vaksen).

Eit anna funn i intervju er korleis kommunikasjonen kan vera til hjelp for dei, dersom dei går gjennom ein vanskeleg periode, eller har behov for støtte. I eit intervju deler verdiperson sine tankar om kommunikasjon med deltakar det slik:

Vi prøver å kommunisere med hverandre slik at vi kan forstå hva som foregår, og deretter prøve å løse hva som helst. For eksempel hvis det er en konflikt, for å løse den, så vi prøver å så godt vi kan, men stort sett kommuniserer vi og forteller hverandre følelsene våre, alt vårt, så vi deler» (Verdiperson).

#### 4.3.1 Støtte i kommunikasjon

Eit anna funn i intervju er korleis deltakarane finn støtte i kommunikasjon. Det blir framheva kor viktig kommunikasjonen er dersom dei går gjennom ein vanskeleg periode, eller har det vanskeleg. I tillegg kjem det fram at sjølv om ein kanskje ikkje kan få den fysiske hjelpen ein treng kan ein framleis få hjelp og støtte av den andre. I intervjuet fortel deltakaren at «det er eneste måten vi kan gjøre er bare sånn å snakke sammen og finne løsninger selv om vi ikke kan hjelpe fysisk. Vi finner løsning, på en måte gjennom å snakke og be» (Ung vaksen). Verdipersonen i same intervju fortel «Når hun har det vanskelig økonomisk eller med skolearbeid, så da er det jo ikke alltid så lett å hjelpe, men vi kan

gi råd. (...) Vi tror på Gud, så da ber vi til Gud om å hjelpe» (Verdiperson). Ein deltakar fortel kva verdipersonen plar å fortelja til informanten, dersom informanten går gjennom ein vanskeleg periode. Deltakaren fortel: «Når jeg er lei meg så sier hun: ikke bekymre deg for livet. Jeg er her for deg og alle søskene dine er her for deg når du trenger. Du trenger ikke å bekymre deg og tenke så mye» (Verdiperson).

Ein av deltakarane fortel om ein vanskeleg periode, og korleis det var og ikkje kunne bidra fysisk. «Det var en gang der vi alle hadde det vanskelig. [Navn verdiperson] havnet i en ulykke. (...) Jeg kunne ikke fly hjem for å hjelpe henne, men jeg kunne hjelpe henne på de måtene jeg klarte. Jeg sendte penger» (Ung vaksen). Vidare i intervjuet kjem det fram at informant synest det var lettare og ikkje kunna reisa heim, når informant visste at søsken som budde heime var der og kunne hjelpa verdipersonen. Vidare kjem det fram korleis deltakarane kan hjelpa og støtta kvarandre dersom dei går gjennom ein vanskeleg periode.

Høre, lytte og støtte hverandre. Litt sånn som å vise forståelse og respekt for hverandre så det er jo en måte en god måte å vise forståelse på, tenker jeg. Det er kanskje en dag hvor jeg er sånn «[Verdiperson] er til stede for meg. Hun forstår meg». Den går jo begge veier for oss. Jeg tror derfor man føler seg trygg. Og har det bra (Ung vaksen).

Eit gjennomgåande tema er korleis dei kan støtta kvarandre når dei ikkje bur saman, og ikkje kan møtast fysisk. Eine deltakaren fortel korleis det er vanskeleg å støtta fysisk, og at ein då må finna andre måtar å støtta på. Deltakaren fortel:

Når vi ikke bor sammen og ikke er så nær hverandre, så blir jo det vanskeligere å støtte fysisk, så da blir det liksom mentalt. Men visst ting er vanskelig for henne så er jeg klar til å bare reise med en gang til henne. Sånn som hun også sa at hun er klar til å være her når jeg trenger henne på en måte. Det er jo uten tvil (Verdiperson).

#### 4.4 Jobba ti gongar hardare for å passe inn

I intervjuja kjem det fram at fleire av deltakarane opplev deltaking i det Norske samfunnet, men at nokon av dei har opplevd det som vanskeleg å koma inn i deltaking i Noreg, som ved å skaffa seg ein jobb. Eine deltakaren fortel korleis det er å koma seg inn i samfunnet er for unge einslege flyktingar slik:

Hvordan kan vi gjøre andre mennesker bedre og få dem til å føle seg trygge, folk holder ut med mye og de trenger hjelp. Jeg har utdanningen min nå, men mange unge mennesker er smarte, unge mennesker som kunne ha gjort mye mer, men de gjør det ikke fordi de sliter, med det å integrere seg i landet, i Norge. (...) Vi vet vi må jobbe ti ganger hardere for å vise at vi er verdt det vi er. Vi kan gjøre dette, vi er like gode på dette, så vi bør aldri gi opp. Du kommer ikke til å være naiv nok til å tenke, liksom du kan ikke være likeverdige ... som en nordmann. Så du må jobbe ti ganger hardere enn andre for å komme der du er. Så det gjør deg på en måte sterkere og du vet hvordan det er. Det er slik det føles. Å ha gjennomgått det selv, du hjelper andre (Ung vaksen).

Ein kan sjå korleis eine deltakaren fortel om korleis det har vore og fått seg jobb i Noreg. Deltakaren trekkjer fram fleire grunnar til at det var vanskeleg å få jobb, deltakaren trekkjer fram at dei har ikkje erfaringa arbeidstakar søker etter, og det er vanskeleg og få ein slik erfaring. Vidare fortel deltakaren at det er vanskeleg med språket, det er vanskeleg og snakke flytande norsk, og at det kan vera eit hinder for å bli tilsett. Deltakaren fortel det slik:

Alle sånne ting, ehh å være en som ikke er født i Norge, så det er vanskelig å få jobb. For å ta mitt eksempel, søkte jeg på hver eneste jobb, men fikk ikke jobb første gang. Fordi det var, jeg hadde ikke erfaringen. Jeg hadde ingen til å hjelpe meg, til å skaffe meg en jobb. Så det er litt vanskelig å få jobb. (...) Og de fleste av oss tror at utlendinger ikke får jobb. Ja sant, men så har du folkene, ja det er noen mennesker som ikke vil jobbe, men de fleste av dem vil jobbe, men de får ikke hjelp til å få jobb. Ingen hjelper dem hvis det er vanskelig. Det er vanskelig å snakke flytende norsk (Verdiperson).

Eit anna funn som kjem fram i intervjuet er at deltakaren har venner og eit stort nettverk i Noreg. Deltakaren har blitt godt integrert i Noreg, men at det framleis kan vera vanskeleg for dei å få hjelp og støtte. Verdipersonen til deltakaren fortel «også har hun jo mange venner som hun kan diskutere med eller spørre om hjelp med venner, men det er sånn at hun ikke vil» (Verdiperson). Verdipersonen fortel at deltakaren heller ynskjer å få hjelp og støtte frå verdiperson over telefon.

#### 4.4.1 Tilhøyrsløse

Deltaking handlar også om det å ha tilhøyrsløse ein plass, noko ein kan sjå igjen i relasjonell velvære. For unge einslege mindreårige i Noreg kan dette handla om betydninga av det å få og byggja nye relasjonar og sosiale nettverk i Noreg (White, 2017, s. 124). Det kjem fram i eine intervjuet korleis

eine deltakaren ser på Noreg. Deltakaren fortel kva for ei tilhøyrse dei har fått til Noreg, og kva som blir viktig for dei i framtida. Deltakaren beskriv det slik:

Du vet, jeg ser på meg selv som Norsk. Norge har gitt meg en sjanse til å bli en god person, du vet. Jeg bryr meg veldig om Norge, du vet. En annen ting er at, du vet min fremtid er, handler om å gjøre Norge stolt over meg, jeg vil at Norge skal være stolt av meg. Jeg er en statsborger, du vet (Verdiperson).

Eit gjennomgåande tema som kjem fram er at dei unge vaksne ser på Noreg som sin base. Fleire av deltakarane uttrykkjer eit ynskje om å gjera Noreg stolt av dei, og fleire ser på kva betydning Noreg kjem til å ha i framtida deira. I eit av intervjuja kjem det fram korleis deltakaren sitt syn og forhold til Noreg er. Deltakaren fortel:

Det spiller ingen rolle. Selv for mine fremtidige barn å vite som, det var her basen min startet. I Norge. Det er her jeg utvikler meg som kvinne. Det var her jeg startet livet mitt, liksom, ja til å være uavhengig. Der jeg studerte, alt. Dette er stedet. På en måte vokste vi opp her til denne alderen. Det er derfor jeg ser meg selv være i Norge og investere i Norge, selv om jeg ikke bor her nå (Ung vaksen).

## 5.0 Diskusjon

I dette kapittelet skal undersøkinga sine funn bli drøfta i lys av teorigrunnet for å svara på fylgjande problemstilling: «Kva kjenneteiknar dei familie relasjonane dei unge utpeikar som særleg viktige i dag og korleis bidrar desse relasjonane til trivsel og livskvalitet». Dette kapittelet er strukturert i tre ulike delar. I den fyrste delen skal eg drøfte den relasjonelle velværa og korleis dette kjem til uttrykk av deltakarane. Vidare blir det diskutert betydninga av gode relasjonar, og korleis desse kjem til uttrykk gjennom transnasjonale relasjonar, og kommunikasjon. Til slutt blir det dratt fram deltaking i Noreg og korleis deltakarane opplev det.

### 5.1 Relasjonell velvære

Deltakarane har ulik forståing av omgrepet relasjonell velvære, og kva som ligg i dei tre ulike typane av relasjonell velvære; det å føla seg bra, det å ha nok og det å vera tilkopla. White (2017, s. 129). meina at alle dei tre hovudtypane eksistera saman, og til ein viss grad låner frå, og flyt inn i kvarandre (White, 2017, s. 129). Den siste delen av relasjonell velvære handlar om det å vera tilkopla, som går

ut på dei sosiale relasjonane ein har, og tilgang på offentlege godar (White, 2017, s. 124). I drøftinga vil det å vera tilkopla sett på under avsnittet med kommunikasjon og deltaking, då ein kan sjå på at denne dimensjonen handlar om dei haldningar ein har til livet og dei personlege relasjonane ein har (White, 2017, s. 124). Ein kan sjå at for einslege mindreårige flyktningar kan dette handla om betydninga av det og byggja nye relasjonar og sosiale nettverk i Noreg, eller det å etablera ein kontakt med familien i heimlandet igjen (White, 2017, s. 124).

### 5.1.1 Føla seg bra

Når ein ser på det å føla seg bra kan ein sjå at den har to ulike dimensjonar, eller aspekt ved seg. Det å sjå på korleis mennesket sin oppfatning på deira sosiale posisjon, eller kulturelle ideologar og verdiar. For einslege mindreårige kan dette handla om kva opplevingar dei har av eigen situasjon, og sin eigen historie og erfaringar (White, 2017, s. 125). I eit av funna kjem det fram at fleire av deltakarane er svært takknemlege over å ha fått nye moglegheita i Noreg, og er klar over sin eigen historie, og kvar dei kjem frå. Det framkjem i funna at deltakarane klarar å reflektera over kor heldige dei har vore, og beskriv korleis dei som framleis bur i heimlandet ikkje har dei same sjansane for å lykkast i livet som det dei har. Dei fortel vidare at dei ser på at den sjansen dei har fått med å bu i Noreg, som ein sjanse til å bli betre i livet. Både som menneske, men også slik at dei kan hjelpe andre menneskjer som treng hjelp, i form av pengar, utdanning eller ved å gi råd. Her kan ein sjå på deira oppfatning av eigen situasjon, og ein kan då tenke seg at dei har sett det i lys av sine eigne historia og erfaringa, og dei difor er svært takknemlege for livet dei har no (White, 2017, s. 125). Ein kan også tenkje seg at kjensla av å ha det bra, kan ha samband med den gode relasjonen som dei unge vaksne har med familien, at det er god og gjensidig kontakt. Det å føla seg bra heng saman med kva opplevingar dei unge vaksne har av situasjonar, og funna viser det til fleire plassar at dei unge vaksne sitt med gode opplevingar i ulike formar. Alle deltakarane beskriv gode opplevingar og gjensidigheit i relasjonen med sine verdipersonar, og at ein kan sjå på dette i samband med at dei føler seg bra, som igjen kan auka dei unge vaksne sin trivsel og velvære.

### 5.1.2 Ha nok

Eit anna sentralt tema i den relasjonelle velværa er det å ha nok. Det å ha nok er den mest «omfattande» tilnærminga til relasjonell velvære. Det å ha nok kan handla om det økonomiske, men også det materielle (White, 2017, s. 124). Ved å sjå på at dei materielle aspekta i livet kan dette handla om dei har ein plass å bu, nok mat, vatn og andre grunnleggande ting. Vidare kan ein sjå på eigendelar, velferd og levestandard. Når ein ser på det å ha nok ved dei einslege mindreårige flyktningane, kan det vera om dei har same moglegheitene til å skaffa seg jobb i Noreg, eller



utdanning, som dei andre unge som lev i Noreg (White, 2017, s. 124). I funna kjem det fram at fleire av deltakarane føler at dei har nok, det framkjem av fleire at så lenge dei har kvarandre så er det nok. Det å ha nok i livet er noko ein kan sjå i lys av White (2017, s. 124) si forskning, og ein kan stille spørsmål ved om det å *ha nok* i dei unge vaksne sitt liv, blir mindre viktig enn det å *vera tilkopla*. Funna viser at dei unge vaksne sjølv fortel at dei treng ikkje mykje, i form av økonomi, så lenge dei har kvarandre. Ein av deltakarane fortel at peng er ikkje alt, eller det som er det viktigaste i livet. Til tross for dette kjem det fram av deltakarane at fleire av deltakarane ikkje har det så veldig bra økonomisk, då dei ikkje har så gode jobbar, ein kan undre seg over om det har ein samanheng med utsegn deltakarane har om at det er vanskeleg å skaffa seg jobb i Noreg. Eine deltakaren fortel at dei betalar mykje i husleige, og at det har vore trøgt økonomisk av og til, men at dei få har fått økonomisk hjelp frå sin verdiperson. Eit anna funn i analysen er at dersom dei har det trøgt økonomisk, kan dei be om hjelp frå den norske regjeringa, og at dei då slepp og be familien som kanskje ikkje kan bidra så mykje med økonomien. Her kan ein sjå at relasjonane dei har med familien sin bidrar til at dei føler at dei har nok, og dette kan vidare bidrar til å auka trivsel og livskvalitet. Når ein kjem til Noreg, har ein vore gjennom flukt og mista eit nettverk i det landet ein kjem frå, og dette kan gjera at det å *ha nok* blir subjektivt. Ein kan undre seg om det relasjonelle blir meir viktig dersom ein har gått gjennom flukt, og andre forferdelege ting, enn dei som ikkje har det.

### 5.1.3 Tru og fellesskap mot risiko

Det å føla seg bra og det å ha nok kan også vise seg på andre måtar enn det som er vist i avsnitta over. For unge einslege mindreårige kan ein sjå at aspekt ved geografi og tid kan ha store påverknadar, då dei har opplevd store kontrastar og endringar i omgjevnader og forhold som kan ha vore med på å påverka deira livskvalitet. Når menneskjer opplev forferdelege ting som krig blir betydninga og opplevinga av einsamheit og tilknytning til andre testa under slike høve. Ein kan då sjå at tru og fellesskap kan gå saman mot risiko og moglegheita, medan menneskja kjempar for overleving og det å skaffa seg bærekraftige liv (Kohli et al., 2024, s. 3). Eit funn i analysen er at det å tru på noko kan hjelpe dei gjennom vanskelege periodar. Det kjem fram at nokon av deltakarane trur på Gud, og dei ber til Gud dersom dei har det vanskeleg i håp om at Gud kan hjelpe. Dei uttrykkjer ein takknemlegheit for sjansane Gud har gitt dei, i form av at dei har komen til Noreg, og fått nye sjansar i livet her. Det kjem fram fleire gangar i dei ulike intervjua at dei er svært takknemlege for det dei har fått i livet, og særleg takksame for at det var i Noreg dei skulle få bu og vekse opp. Det at dei unge vaksne uttrykkjer ein slik takknemlegheit for å få vekse opp i Noreg, kan ein drøfte opp mot det at dei har dei føler seg bra (White, 2017, s. 125). Tru og fellesskap er også noko som dei unge vaksne fortel som viktig, og dette kan også vera med å bidra til å føla at dei *har nok*, og det å *føla seg bra*, ein kan

også sjå på det å *vera tilkopla*, her får dei eit nettverk, og dei kan føle at dei får ein tilhøyrse ein plass. Det at dei har nokon som kan hjelpe dei gjennom vanskelege periodar som ikkje er familie, kan vera positivt for dei unge vaksne. Det å høyre til og føla eit samhald kan auka trivselen og livskvaliteten deira.

## 5.2 Transnasjonale familienettverk

Kjernen i transnasjonalt familieliv handlar om utvekslinga av ulike typar omsorg på tvers av landegrenser (Markussen, 2021, s. 147). Det er naturleg å tenkja at sjølv om dei unge vaksne kom til Norge utan omsorgspersonar, har dei framleis hatt ein form for omsorg sjølv om det har vore på tvers av landegrenser. Det er fleire ulike måtar ein kan gi transnasjonal omsorgsgiving, ved å yte økonomisk hjelp, kjenslemessig eller moralsk støtte gjennom virtuell kommunikasjon (Markussen, 2021, s. 147). Dette er noko som går igjen i analysen, nemleg det at dei unge vaksne får moralsk og kjenslemessig støtte gjennom kommunikasjon frå sine verdipersonar. Det kjem også fram i denne analysen at fleire av dei unge vaksne hjelper på den einaste måten dei kan, det å gi økonomisk hjelp til verdipersonen, då den unge vaksne ikkje kan gi fysisk støtte. Her ser ein tydelege formar for transnasjonale relasjonar (Markussen, 2021, s. 147). Ein kan då diskutera om dette med transmigrasjon kan ha påverknad på utviklinga i relasjonen til dei unge vaksne og deira verdipersonar. I denne studien kjem det fram at alle dei unge vaksne har ein god og tett relasjon til deira sin verdiperson, som er eit familiemedlem. Eit sentralt funn er at sjølv om dei ikkje bur i same land så er framleis relasjonen god. Fleire fortel at dei deler alt som skjer i livet med verdipersonen, og det er dei som støtter kvarandre i alt. I analysen at det er ikkje alle som har hatt ein tett relasjon i oppveksten, men har fått det i seinare tid, medan andre deltakarar har hatt ein nær og god relasjon heile livet. Eine deltakaren fortel at dei har gjort alt saman heile livet, gått i same klasse, hadde same venner, og var tettare enn andre. Deltakaren fortel at det opplevde det som trygt då dei heile tida visste at dei hadde nokon dei var trygg på i nærleiken heile tida.

### 5.2.1 Kommunikasjon i transnasjonale familienettverk

Eit funn i analysen er korleis kommunikasjonen har blitt vedlikehaldet sjølv om deltakarane har flytta vekk frå verdipersonane og til andre land. Eit funn som kjem fram i alle fira intervjuar er at kommunikasjonen skjer regelmessig. Det er alt frå fleire gangar for dagen, til rundt ein gang i veka. Flyktningsbakgrunnen til dei unge vaksne inneber også at fleire av desse kan hatt tøffe og traumatiske erfaringar, noko som kan vera med å påverka dei i kommunikasjon med andre (Kjelaas, 2020, s. 174). Dette gjeld både korleis dei kommunisera, og kva dei kommunisera om. Eine deltakaren beskriv at det er sjeldan dei ikkje snakkar med kvarandre kvar dag, dette er deltakarar som bur i ulike land, men

har beholdt den gode kommunikasjonen og då relasjonen. Eit anna funn som kjem fram er at nokon av deltakarane prioriterer og bruka tida si til og tilbringar tid med kvarandre når dei har ledig tid. Ein anna deltakar fortel at dei involvera ofte slekt når dei snakkar på telefonen og kan ha gruppechatter eller videosamtaler, saman med familie og slekt, og det er slik dei held relasjonen. Eit sentralt funn er at nesten all kommunikasjon hjå alle deltakarane skjer på mobilen, og på sosiale nettverk, slik som facetime, messenger og andre typar for kommunikasjon over nettet. Facetime er ein fin måte og behalde litt av den «fysiske» relasjonen, då familiane får sett kvarandre og utviklinga deira over telefonen. Det blir skildra at mange av deltakarane ikkje ser familien sin på mange år, og då kan facetime vera ein fin arena for at familien kan sjå på utviklinga, eller forandringar som dei kan ha.

### 5.2.2 Støtte gjennom kommunikasjon

Når ein ser på kommunikasjonen mellom deltakarane og verdiperson, veit ein at dei er familie. Det blir då rekna som det uformelle nettverket, det består ofte av familie, slekt, naboar og venner. Dei unge einslege mindreårige som kjem til Noreg har ikkje det uformelle nettverket fysisk, og dei har ofte kun det formelle nettverket å støtte seg på (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 149). I uformelle nettverk, må det vera kontakt mellom partane, og kontakten må vera god dersom den skal vera til hjelp. Den isolasjonen som dårlege nettverk kan føra til, kan gjera at dei blir meir sårbare fordi dei då blir åleine om å løysa problema sine (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 149). Eit funn i denne studien er at sjølv om dei ikkje har den fysiske støtta, så har dei støtte gjennom kommunikasjon. Alle deltakarane uttrykte at dei ringte ofte til sine verdipersonar når dei hadde det vanskeleg, og fekk då råd og støtte over telefonen. Eine deltakaren fortel at det er viktig med kommunikasjon slik at dei kan forstå kva som skjer, slik at dei best mogleg kan prøva å hjelpa med å finna ei løysing. Det kjem fram at det er viktig å kommunisera følelsane til kvarandre, og dela. Vidare kjem det fram at dei kan finna fram til ulike løysingar sjølv om dei ikkje kan hjelpa dei fysisk. Kommunikasjon kan også bli påverka av ulike sosiale faktorar slik som koronaviruset. I denne studien fortel fleire av deltakarar om ei avgrensa kommunikasjon grunna koronaviruset sine restriksjonane, og at dei då ikkje kunne møtast fysisk, men at dei framleis klarte å bevare relasjonen og kontakten grunna telefon. Ein kan då sjå at dei samfunnsmessige tinga la til rette for at deltakarane kunne halde kontakten, slik som at dei hadde tilgang på internett, tilgang på mobil eller nettbrett, slik at dei fekk oppretthaldt relasjonen.

Som nemnt i teoridelen kan ein sjå at fleire av dei som kjem til Noreg som einslege flyktningar, har kontakt med familie og slekt i heimlandet, og at desse kan bli fjernoppdratt, sjølv om det er gjennom kommunikasjon, over telefon eller andre måtar å kommunisere på (Engebretsen, 2020, s. 165). Dette viser til korleis den sosiale støtta som dei er vaksen opp med, fortset og vera aktiv sjølv etter at

dei er komen til Noreg. I analysen kan ein sjå at fleire av informantane hadde kontakt med både sin verdiperson som er familie, men også med utvida slekt, dei har altså alle kontakt med sin inste sirkel.

### 5.2.3 Relasjon i transnasjonale nettverk

Alle menneskjer har eit behov for ein emosjonell tilknytning til ein eller fleire signifikante personar, og dette blir rekna som universelt for ein normal personlegheitsutvikling (Engebrigtsen, 2020, s. 164). I denne studien har dei unge vaksne valt ut ein verdiperson som er viktig for dei, og den som har blitt valt ut er eit familiemedlem. Eit sentralt funn i studien er betydninga av dei gode relasjonane dei har til sin verdiperson, og at det er ein gjensidigheit mellom den unge vaksne og verdipersonen. Fleire deltakarar fortel at dei ser på sin verdiperson som meir enn berre familie. Alle deltakarane fortel at dei ser på kvarandre som anten ein venn, bestevenn eller søskenbarn. Desse utsegna er med på å vise kor viktige og djupe relasjonen er, og gjensidigheita i relasjonen. Dei er ikkje berre familie, men meir enn det. Eine deltakaren fortel korleis den tette relasjonen er, og at dei kan sei alt til kvarandre.

### 5.2.4 Utvikling av relasjonen i transnasjonale nettverk

Eit sentralt funn i analysen er korleis deltakarane ser på utviklinga av relasjonen. Alle deltakarane fortel at dei ser for seg at relasjonen skal gå framover og at den kjem til å utvikla seg i ein positiv retning. Fleire av deltakarane beskriv korleis dei planlegg liva sine med kvarandre og framtida. Eit anna funn er at det kan gå mange år mellom den fysiske kontakten til dei unge vaksne og sine verdipersonar. Dette er noko som kjem fram som eit ynskje om å endre, bruka meir tid med sin verdiperson, og ikkje la det gå så lang tid mellom kvart fysiske besøk. Eine deltakaren fortel om eit ynskje om familiegjenforening, men at dette er noko som dei sjølv ser på som ei utfordring. Dette er noko som den unge vaksne sjølv beskriv som utfordrande, og når ein ser på vilkåra for å få til familiegjenforening kan ein sjå kvifor det blir sett på som utfordrande. For å få familiegjenforening må alle vilkåra vera oppfylt, dersom eit ikkje er oppfylt blir det avslått. Nokre av vilkåra som må vera oppfylt for å få familiegjenforening er høg nok inntekt, levert søknad på rett måte og søkaren må ha opphaldstillatelse i landet (Utlendingsnemnda, 2024). Dette har samanheng med det store talet med flyktningar som kom til landet i 2015, og det blei strengare politiske føringar både i Europa, men også i Noreg (Østby, 2016, s. 4).

## 5.3 Ironien ved deltaking

Deltaking er ein rett i Noreg som er nedfelt i Barnekonvensjonen, der det kjem fram at alle barn har rett til deltaking og innflytelse. Artikkel 12 i barnekonvensjonen omhandlar retten til å fritt gi uttrykk for sine synspunkt, og at dei skal bli tillagt vekt (Barnekonvensjonen, 1989, art. 12). Eit funn som

kjem fram i analysen er at det blir opplevd som vanskeleg å få deltaking i Noreg, på ulike måtar. Eine deltakaren beskriv at dei må jobbe ti gongar hardare enn andre for å oppnå ting, enn andre unge i Noreg. Det blir også skildra at fleire av dei unge som kjem til Noreg slit med å integrere seg i landet, og dersom dei hadde fått moglegheit til å integrere seg, kunne dei ha gjort meir. Vidare skildrar dei at dei ikkje er naive nok til å tenka på seg sjølv som likeverdige som nordmenn, og dei må då jobbe endå hardare for det, og at det gjer dei sterkare på ein måte. Det framkjem at mange ungdommar som har komet til landet som unge einslege kan møte på ulike barrierar i samfunnet, i sine forsøk på å bli integrert, grunna dei etniske norske er meir tilbakehaldne med å akseptera dei som norske på lik linje med seg sjølv (Oppedal et al., 2011, s. 43). Det er ein stor kompleksitet i dei einslege flyktingane sin psykososiale utvikling og tilpassing, og det kjem fram at dei på den eine sida har masse psykiske plagar, og dei kan slite med einsamheit. På den andre sida kjem det fram at utviklinga til dei fleste går i ein positiv retning, når ein ser på utviklinga av kulturkompetanse, samt det å skaffa seg tilknytning i ulike sosiale nettverk (Oppedal et al., 2011, s. 43). Ein kan diskutere om det er ironi i deltaking, når det er ein lovfesta rett dei unge vaksne har, tatt i betraktning i det dei fortel om å føle at dei må arbeide ti gongar så hardt som andre unge i Noreg.

Unge einslege flyktingar kan ofte bli framstilt som sårbare, og det av ulike grunnar. Ein av grunnane kan vera alderen, dei er skilde frå sine primære omsorgspersonar, dei kan ha ulike traumatiske opplevinga og dei kan ha utfordringar i møte med nye samfunn (Johansen, 2022, s. 32). Fleire av dei har vore utsett for krigsrelatert trauma, og sidan dei unge einslege flyktingane ofte migrera åleine, er dei meir utsett for vald og overgrep (Oppedal et al., 2011, s. 9). I analysen kjem det fram at nokre av deltakarane har klart å skape seg nye relasjonar i Noreg, fleire av deltakarane har gått på skule i Noreg og skaffa seg ei utdanning. Sosiokulturell integrasjon handlar om ungdommane som kjem til Noreg klarar å rekonstruera sine sosiale nettverk, og om dei har den nødvendige kompetansen etter dei har blitt busett i Noreg (Oppedal et al., 2011, s. 43). Ein kan sjå desse prosessane i samanheng med deira si psykiske helsa, og då i tilknytning til ulike sosiale nettverk, som handlar om ein har tilgang på sosial støtte, som kan beskytta dei mot ulike psykiske plagar (Oppedal et al., 2011, s. 43). I analysen kjem det fram at sjølv om dei har skaffa seg relasjonar i Noreg er det likevel ikkje alltid like lett å be om støtte og hjelp frå dei. Dei har tilgang på sosial støtte, men det framkjem at det er ikkje alltid dei brukar den når dei har behov for det.

### 5.3.1 Tilhøyrslø

Det kjem fram at det er store variasjonar blant dei som kjem til Noreg når det kjem til tilhøyrslø og tilknytning til sin opphavslege kultur, og til det norske samfunnet, det ein kallar for «tokulturalitet»,

og korleis det kjem til uttrykk. Desse prosessane er viktige for forutsetningane dei har for sosial, kulturell og strukturell integrasjon (Oppedal et al., 2011, s. 43). Eit funn i analysen er at fleire opplever at det kan vera vanskeleg å få seg jobb, og fortel at det er vanskeleg fordi dei ikkje er født i Noreg. Det kjem fram at dei ikkje hadde nokon til å hjelpa seg med å skaffa jobb. Det kjem fram i intervjuet at eine deltakaren fortel ein oppleving som deltakaren har av nordmenn. Deltakaren fortel at oppfatninga er at dei fleste nordmenn trur ikkje at utlendingar klarer å få seg jobbar, men at det også er ein del av dei som ikkje ynskjer å jobbe, men at dette er noko deltakar fortel at dei har lyst til. Til tross for dette, viser funn at deltakarane synest at det kan vera vanskeleg å få hjelp i Noreg til å skaffa seg jobb. Ein kan sjå i forskning at det kjem fram problem og utfordringar for fleire einslege mindreårige flyktningar, og då spesielt utfordringar med integreringsprosessen og ulike språkbarriere (Seidel et al., 2022). Dette er ein av barrierane ein kan sjå igjen i denne studien, det med språket er ein utfordring når dei skal søke jobb i Noreg. Ein kan sjå at dei uformelle nettverka dei unge vaksne skapar seg, kan ha samanheng med kva kommune ein får tildelt og flyttar til, og korleis det blir lagt opp ein plan for oppfølginga (Integrerings- og mangfoldsdirektoratet, 2024). I Noreg handlar det ofte om å ha gode kontaktar med det uformelle nettverket når ein skal klara å skaffa seg jobb. Ein får ofte seg jobb med «kjennskap og vennskap». I retrospektiv er Noreg eit land som skal behandla menneskjer likt og menneskjer skal få like sjansar i livet, og ein kan sjå at deltaking er nedfelt i barnekonvensjonen. Til tross for dette fortel deltakarane om vanskar med å bli integrert i landet, og spesielt det å få seg arbeid, der det framkjem at det kan vera grunna dårleg norsk språk, eller ingen personar som kan hjelpe dei med å skaffa seg arbeid. Ein kan undre seg over om ein skal ta dette i betraktning og sjå på samanhengen med kva kommune dei einslege mindreårige får å bu i og korleis kommunen sin oppfylging er, og opplæringa som dei får når dei kjem til Noreg.

### 5.3.2 Deltaking i formelle og uformelle nettverk

Når dei unge einslege mindreårige kjem til Noreg er det opp til kommunen som dei unge einslege mindreårige flyktningar i korleis oppfølginga deira skal bli. Det kjem fram at det er kommunen sitt ansvar for at barna som kjem blir tilstrekkeleg ivaretatt (IMD, 2024). Det kan vera vanskeleg for dei unge og finna ut kven som kan hjelpe dei etter dei har fylt 18 år, og skal tre inn i den vaksne verda. Ein har då meir ansvar sjølve for skaffa hjelp til å klara seg. Dei som kjem til Noreg som einslege mindreårige kjem ofte rett i kontakt med det uformelle nettverket, som ofte består av barnevern, Bufetat, helsestasjon og fastlege (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 149). Når dei kjem til Noreg er det ofte kun det formelle nettverket dei har å støtte seg på fysisk. Eit funn i denne studien er at sjølv om dei ikkje fekk den fysiske hjelpen når dei kom til Noreg av det uformelle nettverket, så var det framleis til stor støtte for dei. Eit anna funn i studien var at nokon av deltakarane kom i lag med

andre til Noreg, med eit familiemedlem og at ein då hadde støtte både frå det formelle og uformelle nettverket.

## 6.0 Avslutning

I detta kapittelet vil eg henta fram igjen formålet med oppgåva og sjå på problemstillinga i lys av det som har kome fram gjennom analysen og drøftinga. Det er forsøkt å sjå om gode relasjonar med familie kan vera med å bidra til auka trivsel og livskvalitet for dei unge vaksne. I dette kapittelet ynskjer eg å summere opp studien og svara på problemstillinga i oppgåva.

*Kva kjenneteiknar dei familie relasjonane dei unge utpeikar som særleg viktige i dag og korleis bidrar desse relasjonane til trivsel og livskvalitet?*

### 6.1 Oppsummering

Formålet med masteroppgåva har vore å undersøka kva relasjonar dei unge einslege flyktningane har sett på som viktige for deira sin trivsel og livskvalitet. Oppgåva brukt data til deltakarane som har valt ut eit familiemedlem som sin verdiperson, dette er for å avgrense datamateriale. Dette er grunna masteroppgåva sin storleik, og omfanget på all datamaterialet som er. Eg har blitt med i eit prosjekt som heiter Kreativ Sammen, eller «Drawing together». Kreativ Sammen er eit stort prosjekt, som har blitt gjennomført i tre ulike land, Noreg, Skottland og Finland. Grunnen til at eg blei med i dette forskingsprosjektet, er at det verkar som ein fin moglegheit for meg å tileigne meg meir kunnskap om unge einslege flyktningar, noko som ein ser er svært lurt med tanke på jobben min som framtidig sosialarbeidar. I dette prosjektet er det brukt ein fenomenologisk-hermeneutisk tilnærming til forskinga. Det har då blitt eit fokus på deltakarane sine synspunkt og opplevingar, og korleis det heng saman, både dei ulike delane, men også heilskapleg. Metoddelen som er brukt i oppgåva bli skildra, og korleis gjennomføringa til Kreativ Sammen av intervju har blitt gjort. Vidare i oppgåva kjem reliabiliteten og validiteten i oppgåva, så kjem det forskningsetiske. Det siste som framkjem i metode kapittelet er eventuelle svake trekk ved studien. I kapittel fire kjem analysen fram, og dei funna som er gjort. Dei er delt inn i tema, relasjonell velvære, transnasjonale familienettverk og deltaking. I kapittel fem kjem diskusjonen, der analysen blir sett på i lys med teori kapittelet.

Oppsummert kan ein sjå på problemstillinga i samanheng med funna i denne analysen.

Problemstillinga stiller spørsmål om kva som kjenneteiknar dei relasjonane dei unge har utpeika seg som særleg viktige i dag og korleis desse relasjonane bidrar til trivsel og livskvalitet. I denne studien blir det trekt fram dei deltakarane som har valt familie som sine nære relasjonar, og ser nærmare på

kva dei gjer som har bidratt til trivsel og livskvalitet. Alle deltakarane fortel at deira verdiperson er viktig for deira trivsel og velvære på ulike måtar. Ein sentralt funn er at alle får støtte gjennom verdipersonane sine, sjølv om dei ikkje bur i same land, eller har den fysiske relasjonen. Det kjem fram at berre det å ha kontakt med dei er med på å bidra til auka trivsel, og ein god og jamn kontakt er viktig. Det kjem fram at sjølv om dei er i familie, så ser alle deltakarane på sine verdipersonar som meir enn familie, alle har eit uttrykk om at det ligger eit djupt vennskap i botn av familierelasjonen. Dei har nokon i livet sitt som dei er trygge på, og kan støtte dei i vanskelege situasjonar. Dette er noko som er med på å bidra til dei unge sin trivsel og livskvalitet, då denne kontakten er gjensidig. I denne studien er det då familiebanda som kjenneteiknar dei relasjonane som dei har valt ut som viktige for seg, og ein får i studien eit innblikk i korleis relasjonen er, og kva dei gjer for å oppretthalde familiebanda og relasjonen, samt korleis det bidrar til ei auka livskvalitet og trivsel hjå deltakarane.

Det som kjenneteiknar dei relasjonane som dei unge vaksne har utpeika seg som særleg viktige i dag, er familie. I denne oppgåva kjem det fram korleis dei unge vaksne finn både trivsel og livskvalitet gjennom relasjon og kommunikasjon med sin familie. Ein gjensidigheit i kontakten mellom dei unge vaksne og deira sin verdiperson er viktig for at dei unge vaksne skal oppleve ein auka trivsel. Det at dei unge vaksne har nokon i livet sitt som dei kan ringe til, og har god og jamleg kontakt med er viktig for deira livskvalitet. Dei har ein person i livet sitt som dei er trygg på, og dei kan søka støtte, både fysisk og gjennom kommunikasjon. Avslutningsvis kan ein sjå på den raude tråden i oppgåva, som er relasjonell velvære. Den relasjonelle velværa skjer på ulike nivå, både i samfunnet, men også i relasjonane mellom dei unge vaksne og deira verdiperson. Ein kan sjå at samfunnet legg til rette for moglegheita til å ha denne relasjonen på ulike måtar. Det samfunnsmessige kan ein sjå ved at dei har tilgang på mobil, nettverk og slike ting som bidreg til at dei kan halde kontakten med familien. For å ha ein relasjon, må dei klara å kommunisere, og dei kan på den måten kommunisere sjølv om dei bur i ulike land. Samfunnet er ein viktig del for at dei unge vaksne og deltakarane opplev ein auke i trivsel og livskvalitet, og ein kan sjå det i samheng med den relasjonelle velværa. Ein kan også sjå at samfunnet gir ulike utfordringar til deltakarane, som ved koronaviruset. Samfunnet blei stengt ned, og deltakarane hadde ikkje moglegheit til å bevare den fysiske relasjonen. Ein kan sjå at det å ha gode relasjonar, kan bidra til auka trivsel og livskvalitet, hos dei unge vaksne som har vore med i denne studien.



## 6.2 Vidare studie

Ut frå dette forskingsprosjektet, kan ein vurdere det som nyttig og interessant og gjennomføra fleire studiar på dette feltet, som gå endå meir i djupna på relasjonar mellom dei einslege mindreårige som kjem til Noreg, og korleis relasjonen til familien er etter flytting. Dei som kjem til Noreg kjem som regel åleine, men det ser ut til at dei fleste i stor grad har kontakt med familien sin, sjølv om dei bur ulike plassar, og familien ofte er igjen i heimlandet til dei unge einslege flyktningane. Det hadde også vore spennande å hatt tilsvarande studie i fleire delar av landet, då det er store variasjonar mellom kommunane, og oppfølginga dei får. Det er store forskjellar på korleis relasjonen mellom deltakarane og deira familie ikkje kjem med dei til Noreg er, og det hadde vore spennande å sett på ein studie der dette er hovudfokuset. Relasjonen mellom dei einslege mindreårige og familien som er igjen i heimlandet, og kva den relasjonen gjer med dei unge einslege som har komen til Noreg.

## 7.0 Litteratur

- Barnekonvensjonen. (1989). *Konvensjon om barnets rettigheter (20-11-1989)*. Lovdata.  
[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-05-21-30/KAPITTEL\\_8#KAPITTEL\\_8](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-05-21-30/KAPITTEL_8#KAPITTEL_8)
- Berg, B. (2020). Bosetting, vennskap og overgang til voksenlivet. I K. Eide (Red.), *Barn på flukt* (s. 189–2017). Gyldendal.
- Beyene, L. S., Hem, M. H. & Strand, E. B. (2023). Relasjonens betydning for å fremme psykisk helse. I M. H. Hem & T. F. Aarre (Red.), *Relasjonens betydning: om fundamentet i psykisk helse- og rusarbeid* (s. 113–126). Gyldendal.
- Bunkholdt, V. & Kvaran, I. (2015). *Kunnskap og kompetanse i barnevernsarbeid*. Gyldendal akademisk.
- Ekeland, T. J. (2023). Kommunikasjon – ein undervurdert helseressurs. I M. H. Hem & T. F. Aarre (Red.), *Relasjonens betydning: om fundamentet i psykisk helse- og rusarbeid* (s. 129–152). Gyldendal.
- Engebriqtsen, A.I. (2020). Omsorg og barn utenfor barndommen. I K. Eide (Red.), *Barn på flukt* (s. 149–170). Gyldendal.
- FN sambandet. (2023, 15. juni). *Menneske på flukt*. <https://fn.no/tema/flyktninger/mennesker-paa-flukt>
- Fylkesnes, M., K & Paulsen, V. (2019). Barnevern og migrasjon: barnevernspedagogen i møte med familier med kort botid i Norge. I I. Studsrød, V. Paulsen, I. Kvaran, K. Mevik (Red.), *Barnevernspedagog - en grunnbok* (s. 145–157). Universitetsforlaget.
- Grønmo, S. (2016). *Samfunnsvitenskaplige metoder* (2. utg.). Fagbokforlaget
- Hem, M. H & Aarre, T. F. (2023). Innledning. I M. H. Hem & T. F. Aarre (Red.), *Relasjonens betydning: om fundamentet i psykisk helse- og rusarbeid* (s. 15–26). Gyldendal.
- Integrerings- og mangfoldsdirektoratet. (2024, 10. Januar). *Bosetting av enslige mindreårige flyktninger*. <https://www.imdi.no/planlegging-og-bosetting/slik-bosettes-flyktninger/enslige-mindrearige-flyktninger/>
- Johansen, K. (2022). *Gøy og lærerikt, men også vanskelig: Unge, enslige flyktningers perspektiver på deltakerbasert forskning*. Fontene forskning, 15(2), 30–43. <https://fontene.no/document-50.42.20230104115833.a7e1c8f7d3>
- Johansen, K. (2023). *Navigering mellom ambivalent anerkjennelse, betydningsfulle relasjoner og hverdagsforpliktelser: En studie av unge, enslige flyktningers psykososiale helse og deltakelse fra et erfaringsnært og kritisk perspektiv*. [Doktorgradsavhandling, Universitetet i Stavanger]. <https://uis.brage.unit.no/uis-xmlui/handle/11250/3095326>

- Kirkeberg, M, I. (2023, 5. juli). *Høyeste antall flyktninger noensinne*. Statistisk sentralbyrå.  
<https://www.ssb.no/befolkning/innvandrere/statistikk/innvandrere-etter-innvandringsgrunn/artikler/hoyeste-antall-flyktninger-noensinne>
- Kjelaas, I. (2020). Samtaler med enslige flyktningbarn. I K. Eide (Red.), *Barn på flukt* (s. 173–188). Gyldendal.
- Kohli, R. K. S, Fylkesnes, M. K, Mervi, K & White, S. C. (2024). Forced Migration: A Relational Wellbeing Approach. *Social Sciences* 13(1), 1–8. <https://doi.org/10.3390/socsci13010052>
- Larsen, A. K. (2017). *En enklere metode: Veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode* (2. utg.). Fagbokforlaget.
- Markussen, M. G. (2021). «De flyvende bestemødre»: transnasjonale omsorgspraksiser blant eldre somaliske kvinner i Norge. *Norsk Antropologisk Tidsskrift*, 32(3–4), 146-159.  
[Http://doi.org/10.18261/issn.1504-2898-2021-03-04-04](http://doi.org/10.18261/issn.1504-2898-2021-03-04-04)
- Moksnes, U, K. (2021). *Psykisk helse og velvære hjå ungdom – betydning av «opplevelse av sammenheng»*. Universitetsforlaget.  
<https://www.idunn.no/doi/epdf/10.18261/9788215042985-2021-11>
- Norges Teknisk-naturvitenskapelige universitet (u.å). *NVivo*. <https://i.ntnu.no/wiki/-/wiki/Norsk/NVivo>
- Oppedal, B., Jensen, L., Seglem, K, B. & Haukeland, Y. (2011). *Etter bosettingen: psykisk helse, mestring og sosial integrasjon blant ungdom som kom til Norge som enslige mindreårige asylsøkere* (Rapport 2011:8). Nasjonalt folkehelseinstitutt. <https://fhi.brage.unit.no/fhi-xmlui/handle/11250/2688646>
- Pastoor, L. D. W (2020). Skolens betydning ved ankomst og bosetting. I K. Eide (Red.), *Barn på flukt* (s. 208–231). Gyldendal
- Paulsen, V., & Studsrød, I. (2019). Barnet i sentrum for barnevernspedagogens yrkesutøvelse. I I. Studsrød, V. Paulsen, I. Kvaran, K. Mevik (Red.), *Barnevernspedagog - en grunnbok* (s. 25–38). Universitetsforlaget.
- Regjeringen. (u.å). *Tidslinje: myndighetenes håndtering av koronasituasjonen*.  
<https://www.regjeringen.no/no/tema/helse-og-omsorg/folkehelse/tidslinje-koronaviruset/id2692402/>
- Regjeringen. (2022, 21. november). *FNs konvensjon om barnets rettigheter*.  
<https://www.regjeringen.no/no/tema/familie-og-barn/innsiktsartikler/fns-barnekonvensjon/fns-konvensjon-om-barnets-rettigheter/id2511390/>
- Seidel, F. A., Hettich, N. & James, S. (2022). Transnational family life of displaced unaccompanied minors – A systematic review. *Children and youth services review*, 2022(142),  
<https://doi.org/10.1016/j.childyouth.2022.106649>

Sikt (u.å). *Meldeskjema for personopplysninger i forskning.*

<https://sikt.no/tjenester/personverntjenester-forskning/fylle-ut-meldeskjema-personopplysninger>

Statistisk sentralbyrå. (2023, 5. juli). *Personer med flyktningbakgrunn.*

<https://www.ssb.no/befolkning/innvandrere/statistikk/personer-med-flyktningbakgrunn>

Thornquist, E. (2018). *Vitenskapsfilosofi og vitenskapsteori for helsefag* (2. utg.). Fagbokforlaget.

Ulvik, S, O. (2019). Barn, hverdagsliv og sosial deltakelse – tenkeredskaper fra en sosiokulturell teoritradisjon. I I. Studsrød, V. Paulsen, I. Kvaran, K. Mevik (Red.), *Barnevernspedagog - en grunnbok* (s. 123–133). Universitetsforlaget.

Utlendingsdirektoratet. (u.å.). *Asylmottak: Barn og unge*. Henta 22. mai 2024 frå

<https://www.udi.no/asylmottak/jobber-i-en-kommune/opplaring-og-utdanning2/#link-12860>

Utlendingsnemnda (2024, 05. April). *Familieinnvandring.*

<https://www.une.no/sakstyper/familieinnvandring/>

White, S. C. (2010). Analysing wellbeing: A framework for development practice. *Development in Practice*, 20(2), 158–172. <https://doi.org/10.1080/09614520903564199>

White, S. C. (2015). Relational Wellbeing: A Theoretical and Operational Approach. *Centre for Development Studies, University of Bath*, 2015(43), 1–22.

<https://purehjat.bath.ac.uk/ws/portalfiles/portal/202176039/bpd43.pdf>

White, S. C. (2017). Relational wellbeing: Re-centring the politics of happiness, policy and the self. *Policy and Politics*, 45(2), 121–136. <https://doi.org/10.1332/030557317X14866576265970>

White, S. C. & Jha, S. (2023). Exploring the relational in relational wellbeing. *Social Sciences*, 12(11), 600 1-15, <https://doi.org/10.3390/socsci12110600>

White, S. C. & Jha, S. (u.å). *What is Relational Wellbeing?* The relational Wellbeing Collaborative. Henta 20. Mai 2024 fra <https://rwb-collab.co/concept>

Østby, L. (2016, 14. desember). *Fra asylsøker til flyktning – før og etter kriseåret 2015*. Statistisk sentralbyrå. <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/fra-asylsoker-til-flyktning-for-og-etter-krisearet-2015>

## Vedlegg

### 1: Intervjuguide for fyrste par-intervju (norsk), Nåtid og fortid

**Formål:** Å utforska korleis begge menneskja ser forholdet sitt i konteksten der dei kvar lev

I dei individuelle intervjua blir YP (young persons) bedt om å nominera ein person som dei ser på som viktig med tanke på relasjonell velvære, ein VP (verdiperson) som dei ønskjer å invitere til eit parintervju. Det blir forventet at VP er ein person frå YPs eksisterande og pålitelege sosiale nettverk, enten i det nye landet eller i utlandet. Kontakt med VP vil vera ansikt til ansikt visst det er ein lokal person eller via mobiltelefon dersom reiseavstanden ikkje er innafor reiseavstand. Temaa kan brukast fleksibelt for å passe inn i kvar enkelt forhold.

Som ein byrjing, start med å spør om demografisk informasjon om verdipersonen:

- Alder
- Kjønn (om nødvendig)
- Yrke/arbeid
- Nasjonalitet
- Bustad

Som i dei individuelle intervjua vil fokuset vera fortid, notid og framtid.

Det fyrste intervjuet med dekan to har som målsetting å hjelpe oss med å forstå korleis:

1. YP og VP blei kjent med kvarandre
2. Relasjonen dekans, og utvikling over tid og
3. denne relasjonen gjenspeiler YPs og VPs relasjonelle livskvalitet i dag

Husk å gi tid til både YP og VP til å lese gjennom og kommentere informasjonsskrivet om prosjektet og signere samtykkeskjema

### Introduksjon:

**Innleiing:** Sist gang YP og eg møttest, spurte eg han/ho om å identifisere ein person som var særleg viktig for han/ho, og då blei du valt. I dette felles intervjuet ynskjer me å sjå litt meir på kva dekan to betyr for kvarandre.

- Be YP starta med å fortelje kvifor han/ho valte nettopp denne personen blant alle dei menneskje dei kjenner.

- Be VP om å fortelje litt om kva han/ho tenkjer om at YP valte han/ho, og gi ein liten tilbakemelding. Korleis var det å bli valt som YPs verdiperson?

### **Minnes korleis de fyrst møttes**

- Relasjonens varigheit. Fyrste møte og fram til i dag
- Forteljinga om det fyrste møte: kva hugsar dekan best om den andre?
- Hyppigheit av ansikt-til-ansikt kontakt i den fyrste tida etter at det hadde møtt kvarandre
- Korleis pleie relasjonen / holde den varm – korleis har de haldt kontakt med kvarandre over tid
- Korleis har relasjonen utvikla seg over tid?

**Pause:** gi dei tid til å tenkja over samtalen så langt. Spør om det er noko som er nytt eller noko dei kjenner igjen

### **Notid: med og for kvarandre**

- I dag – mønster for kontakten mellom dei, ulike måtar å halde kontakten på
- Kva gjer de saman?
- Kva YP gjer for at VP skal ha det bra
- Kva VP gjer for at YP skal ha det bra
- Kva dei gjer saman for andre – kom gjerne med eksempel
- Korleis hinder blir handtert saman – eksemplar (det kan vera hinder mellom de to, eller hinder de har møtt saman)

**Pause:** gi dei tid til å tenkja over samtalen så langt. Spør om det er noko som er nytt eller noko dei kjenner igjen

### **Koronaviruset og forholdet det siste året**

- Korleis blei kontakten opprettheldt under koronaviruset situasjonen
- Korleis de føler rundt den kontakten de har hatt i denne perioden

### **Det større nettverket og det å ha «nok»**

- Andre felles relasjonar eller menneskjer de har blitt kjent med gjennom kvarandre

- Det å «ha nok» (ting, peng, bu forhold, helsehjelp osv) – sørge for at YP har det dei treng. Økonomisk og materiell trygghet (låna kvarandre peng, tipse om jobb eller hjelpe med moglegheiter ifht skule/utdanning) – men kanskje også gjensidig
- Ha tilstrekkelege mogelegheita som mogleggjer at YP kan få det betre økonomisk, juridisk og praktisk – moglegvis gjensidig

**Pause:** spør begge om det større nettverket og om det å «ha nok»

Summer kort nokon av dei tinga som du forskar synest er mest påfallande, etter at du har høyrte på samtalen.

Spør om dei har nokon spørsmål om forskingsprosjektet.

Fortel kort om det neste planlagde par-intervjuet, og at det vil handla om korleis ting har vore sidan førre intervju og korleis dei ser for seg at ting blir i framtida.

Takk begge.

## 2: Intervjuguide for andre par-intervju (norsk) framtid

Par intervju framtid: med same verdiperson som sist

**Mål:** å få kunnskap om korleis paret sjølv ser relasjonen utvikle seg over tid i framtida

Ta med intervjuet: opptaket, gåvekort til YP, ei symbolsk gåve VP, informasjonsskriv og intervjuguide

### Innleiing

- Informasjon om prosjektet og status for datainnsamling
- Frivillighet, anonymitet og teieplikt
- Innhenta samtykke

### Sidan førre intervju

- Kan de fortelje litt om kva de hugsar frå sist me snakka saman  
- er det noko de har tenkt på sidan me snakka saman sist
- Har samtalen påverka korleis de har det med kvarandre på nokon måte? Visst ja, fortel meg korleis
- Er det nokon endringar i kvardagen dekans eller dekans forhold sidan sist? Kva er desse? Kva var bakgrunnen for at det skjedde?

### Framtida

Nå ynskjer eg at de skal sjå for dekan framtida

- Korleis ser dekan for dekan kontakten de imellom i framtida? (Korleis trur du eller ynskjer du at kontakten mellom dekan skal vera)
- Kva personar vil vera saman med dekan? (om nokon)
- Planar og håp for framtida  
- I dette prosjektet har du YP, delt ein del tankar du har om framtida, planar og håp du har.  
Kan du fortelja litt om dei  
- VP, kva tenkja du om det YP fortel? Kva ønsker og planar har du for YP sin framtid?  
- Husk: utfordringar og moglegheiter – utdanning, ressursar
- Kva kan forandra seg i framtida trur dekan, på godt og vondt?
- Framtida i Noreg  
- YP: Korleis er det å leve i Noreg? Korleis ser du for deg framtida som «nordmann»  
- VP: kva tenkjer du om det YP akkurat sa?
- Tenk dekan 10 år fram i tid. Så sjå tilbake. Kva vil dekan tenkja om korleis livet har blitt?



**Det større nettverket og det å ha «nok»**

- Andre felles relasjonar eller menneskjer de har blitt kjent med gjennom kvarandre
- Det å «ha nok» (ting, peng, bu forhold, helsehjelp osv) – sørge for at YP har det dei treng. Økonomisk og materiell tryggheit (låna kvarandre peng, tipse om jobb eller hjelpe med moglegheiter ifht skule/utdanning) – men kanskje også gjensidig
- Ha tilstrekkelege mogelegheita som mogleggjer at YP kan få det betre økonomisk, juridisk og praktisk – moglegvis gjensidig
- Moglegheitar

**Har forskaren all informasjonen om verdiperson?**

- Alder
- Kjønn (om nødvendig)
- Utdanning/arbeid
- Nasjonalitet
- Bustad

### 3: Informasjonsskriv til verdiperson



#### KREATIV SAMMEN

#### Relasjonell livskvalitet hos unge flyktninger i Finland, Norge og Skottland

#### Informasjon til VERDIPERSONER - FREMTID

Ønsker du å delta som *verdiperson* i et forskningsprosjekt om unge flyktninger i Finland, Norge og Storbritannia?

##### Om prosjektet:

- Forskningsprosjektet handler om hvordan livet er for unge voksne som en gang kom som enslige mindreårige asylsøkere og nå har etablert seg i sine nye hjemland. Vi undersøker hvilke relasjoner som er viktige for unge voksne - hva de betyr for andre og hva andre betyr for dem.
- En deltaker har identifisert deg som *verdiperson* i hans/hennes liv og ønsker at du skal delta på et felles intervju med en av oss forskere.
- Det vi lærer gjennom prosjektperioden, vil vi formidle internasjonalt. I Finland, Norge og Storbritannia, vil vi særlig både informere politikere, andre som lager lover og regler og profesjonelle som møter unge flyktninger i skole, helse- og sosialtjenester.
- Se vår internasjonale nettside for mer informasjon [www.drawingtogetherproject.org](http://www.drawingtogetherproject.org) eller følg prosjektet på Instagram.

##### Om din deltakelse

- Intervjuet vil handle om kontakten dere har – hva dere gjør sammen og hva dere betyr for hverandre i dag. Vi vil også snakke om hva dere tenker om fremtiden.
- Du bestemmer selv hvilke spørsmål du vil svare på. Du kan stoppe intervjuet når som helst, uten at du forteller oss hvorfor.
- Med din tillatelse, vil vi gjøre lydopptak av samtalen vi har.
- Vi finner tid og sted for samtalen som passer for både deg og deltakeren.
- Dersom du har spørsmål om hva det innebærer kan du enten ta kontakt med oss direkte eller vi kan ta kontakt med deg.
- Det er frivillig å delta i prosjektet. Du kan ombestemme deg og trekke deg fra prosjektet uten å fortelle hvorfor.
- Dine reisekostnader vil bli dekket av oss.

##### Ditt personvern – hvordan vi oppbevarer, bruker og beskytter dine opplysninger

- Informasjon om deg blir lagret sikkert i SAFE, en dataløsning for sikker behandling av sensitive personopplysninger i forskning. Tilgang til lydfiler og personidentifiserbare dokumenter er forbeholdt de forskerne som er involvert i prosjektet; Marte K. Fylkesnes

(NORCE), Milfrid Tonheim (NORCE), Masego Katsi (Høgskulen på Vestlandet).

Forskningsassistent med taushetsplikt vil hjelpe oss å skrive ut intervjuene (transkribere).

- Vi erstatter navnet ditt og, andre opplysninger som kan identifiserer deg, med kodeord i transkripsjonene. Disse opplysningene blir lagret helt adskilt fra intervjuene.
- Alt vi snakker om vil vi holde mellom oss – vi har taushetsplikt. Men, hvis du forteller oss at du selv eller noen andre er i fare, eller du beskriver ulovlig aktivitet av alvorlig karakter, kan det hende vi er forpliktet av loven til å rapportere bekymringene våre til myndighetene.
- Med bakgrunn i informasjonen vi får gjennom prosjektet, vil vi skrive en rapport og artikler på ulike språk. Ingen vil kunne gjenkjenne deg personlig i det vi skriver, selv om vi siterer noe av det du har fortalt til oss.

#### Hvem er ansvarlig for prosjektet?

- Prosjektet ledes av University of Bedfordshire (Storbritannia). Andre involverte institusjoner er NORCE Research (Norge), Høgskulen på Vestlandet (Norge), Tampere University (Finland), og Migration Institute of Finland (Finland). Behandlingsansvarlig institusjoner i Norge er NORCE og Høgskolen på Vestlandet. Prosjektperioden er fra februar 2020 til februar 2024.

#### Hva skjer med opplysningene dine når vi avslutter forskningsprosjektet?

Prosjektet avsluttes i februar 2024. Lydopptak og din kontaktinformasjon vil da bli slettet. De anonymiserte og transkriberte intervjuene vil bli lagret for videre forskning ved NORCE og HVL sine dataarkiv frem til februar 2030.

#### Dine rettigheter

Så lenge du kan identifiseres i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i hvilke personopplysninger som er registrert om deg, og å få utlevert en kopi av opplysningene,
- å få rettet personopplysninger om deg,
- å få slettet personopplysninger om deg, og
- å sende klage (se under).

Vi behandler dine personopplysninger basert på ditt samtykke. På oppdrag fra NORCE Research AS har NSD - Norsk senter for forskningsdata AS - vurdert at behandlingen av personopplysninger i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

#### Hvordan ta kontakt?

Vi oppfordrer deg til å ta kontakt med vårt personvernombud Øyvind Straume (personvernombud@norceresearch) dersom du:

- har spørsmål om hvordan opplysningene dine brukes av forskerne i prosjektet.
- vil rapportere et brudd på datasikkerheten (f.eks. hvis du tror at personopplysningene dine har kommet på avveie eller er avslørt på en ukorrekt måte).

- ønsker å klage på hvordan NORCE/HVL har brukt dine personopplysninger.

Hvis du har spørsmål knyttet til NSD sin vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med: NSD – Norsk senter for forskningsdata AS på epost ([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller på telefon: 55 58 21 17. Hvis du ikke er fornøyd med forskerne og ønsker å drøfte dette eller fremme en klage, ta kontakt med:

Det er **Marte** som er forskeren du vil møte i intervjuet.

**For kontakt med det norske forskerteamet i prosjektet:**

Marte K. Fylkesnes, <a href="mailto:mafy@norce-research.no">mafy@norce-research.no</a> tel: 40645069	Milfrid Tonheim, <a href="mailto:milfrid.tonheim@hvl.no">milfrid.tonheim@hvl.no</a> tel: 41622079	Masego Katsi <a href="mailto:Masego.Katsi@hvl.no">Masego.Katsi@hvl.no</a> tel: 99878837
		

**Samtykke**

Jeg har lest og forstått hva det innebærer å delta som verdiperson i prosjektet Relasjonell livskvalitet for unge flyktninger i Finland, Norge og Storbritannia.

Jeg bekrefter med dette at jeg samtykker til å delta.

Verdipersonens navn: \_\_\_\_\_

Kontakt informasjon: \_\_\_\_\_

Signatur og dato: \_\_\_\_\_